

ÅRSRAPPORT 2022



Friluftsliv for helse og trivsel



Som avslutning på ei av dagens ryddeøkter i Geirangerfjorden tok nokre av ryddarane turen til fjellgarden Skageflå. F.v. Christian Ødegaard, Malin Therese Fiksdal, Randi Kjærstad Hagerup, Anne Berit Støyva Emblem, Pål Henry Høyberg og Hilde Ellingsæter.

Om Sunnmøre friluftsråd

Sunnmøre friluftsråd er eitt av 28 friluftsråd i Norge og er ein del av Friluftsrådernes Landsforbund (FL). Vi vart oppretta i 1974, den gongen som Friluftsrådet for Ålesund og omland, og skifta namn til Sunnmøre friluftsråd i 2015. I 2024 er vi 50 år!

Vi er eit interkommunalt oppgåvefelleskap (KO) etter kommunelova med ei eiga samarbeidsavtale for fellesskapet. Dei 14 eigarkommunane i friluftsrådet er: Fjord, Giske Hareid, Herøy, Sande, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Vestnes, Volda, Vanylven, Ørsta og Ålesund. Vi dekker om lag 156.000 innbyggjarar.

Friluftsrådet arbeider for eit naturvennleg, berekraftig og lite utstyrskreivjande friluftsliv for alle. Folkehelse er fundamentet i alt vi gjer. Vi skal, i samarbeid med deltakarkommunane, andre offentlege styresmakter, organisasjonar og frivillige, fremje allsidig og miljø-

vennleg friluftsliv i regionen. Vi skal stimulere til friluftsliv til beste for trivsel og helse for alle og skape større forståing for nytten av friluftsliv.

- Administrasjonen i friluftsrådet skal fungere som kompetansesenter for friluftsliv for deltakarkommunane og andre samarbeidspartar, samt vere ein pådrivar og høyringsinstans i viktige saker for friluftslivet.
- Friluftsrådet skal legge til rette for fysisk aktivitet.
- Friluftsrådet skal arbeide med sikring, tilrettelegging og drift av friluftsområde av ulike slag.
- Gjennom Skjergårdstenesta Møre og Romsdal skal friluftsrådet gjere sjøbaserte friluftslivsområde attraktive og tilgjengelege.
- Friluftsrådet skal jobbe for ei reinare fjøre. Vi koordinerer, legg til rette for frivillig og profesjonelt arbeid mot marin forsøpling.

Hovudbilde framside: Staben i Sunnmøre friluftsråd under stabssamling på Lepsøya.

F.v.: Torgeir Lausund Sund, Malin Therese Fiksdal, Anne Berit Støyva Emblem, Ingen Bakke, Hilde Ellingsæter, Randi Kjærstad Hagerup, Malin Ytterhaug Giske, Christer Lundberg Nes og Pål Henry Høyberg. Christian Ødegaard var ikkje til stades då bildet vart teke.

Bilderekke under: Til venstre: Turfolk ved Lillevatnet i Spjelkavik under Stikk UT!-festivalen i september. I midten: Kaffekos og godprat i den nyopna Naturmøteplassen ved Synnlandsvatnet i Brattvåg. Til høgre: Skjergårdstenesten sin arbeidsbåt «Rigmor» i all si prakt i Geirangerfjorden.

Alle bilde i rapporten som ikkje er merka med fotografnamn tilhøyrer friluftsrådet.

Innhald

Styreleiar har ordet	4-5
Styret og representantskapet 2022	6-9
Representantskapsmøtet 2022	8-9
Administrasjonen	10-13
Møte, representasjonsoppgåver og anna	12-13
Aktivitetsarbeid i skule og barnehage	14-21
Kajakk i skulen/kajakknnettverket	14-15
Utandørs livredningsprøve	16-17
Urørt	17
«Slå på ringen»/leikepatruljen.....	18-19
Innvandrarprosjektet «Naturen som eg er ein del av»	20-21
Aktivitetsarbeid i fritida	22-27
Naturmøteplassen	22-23
Friluftsskular	24
Naturlos-avis	25
Kom UT i haustferien	25
Padlefestival UNG	25
Utleige av to færingar	25
Friluftslivets bærekraftsplakat	26
Lån av friluftsutstyr	27
StikkUT! - og andre turrutebasar	28-33
Stikk UT! 2022	28-31
Turkort-hefte/nettside med turskildring	32
Friluftslivets ferdselsårer – kommunale planar.....	33
Sikring og tilrettelegging av friluftsområde	34-35
Statleg sikring og forvaltningsplanar.....	34
Skjøtsel og drift gjennom året	35
Kontor, verkstad, lager og driftsutstyr.....	35
Marin forsøpling	36-39
Marin forsøpling 2022 finansiert av Miljødirektoratet	37-38
Rydd ytre kyst Ålesund-Giske 2021-2023 finansiert av Rydd Norge	38-39
Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal	40-43
Drift sjøbaserte friluftsområde	40
Medieomtale	44-46
Økonomi og rekneskap	48-49
Vedlegg til årsrapporten	50-57
Statleg sikra friluftsområde i medlemskommunane	50
I tillegg har Friluftsrådet heilt eller delvis ansvaret i desse områda.....	51
Oversikt egedelar i Sunnmøre friluftsråd (KO)	52
Gjeldande samarbeidsavtale for Sunnmøre friluftsråd (KO)	53-55

Styreleiar har ordet

Denne årsrapporten viser stor aktivitet og eit breitt spekter av tiltak. Det er imponerande!

Med 900.000 registrerte turar i sommarsesongen 2022 opprettheld Stikk UT! posisjonen som det fremste folkehelseiltaket i fylket. Om lag 15 prosent av innbygarane i fylket deltok. Det er kjekt å sjå den store interessa.

Driftsarbeidet, skjergardstenesta og arbeidet mot marin forsøpling har gått som normalt.

Det har vore mange lyspunkt, spesielt gledeleg var det at Hareid og Sande vart medlemmer i Sunnmøre friluftsråd dette året.

Framfor alt kan vi summere opp at året 2022 til fulle har vist kor viktig friluftslivet og tilboda frå friluftsrådet er for trivsel og helse til befolkninga.

Målt etter omsetning og tal på tilsette, er Sunnmøre friluftsråd (KO) eit av dei største friluftsråda i landet.



Styreleiar Eva Hove

Vi er eitt av få som arbeider med heile spekteret, frå rådgjeving til kommunane, kurs og aktivitetar i friluftsliv for alle målgrupper, tilrettelegging, drift og skjøtsel av friluftslivsområde, marin forsøpling og skjergardsteneste.



Sunnmøre friluftsråd saman med Statens naturoppsyn på ryddetokt i Geirangerfjorden.

Takk!

Mange fortener stor takk for innsatsen:

- Dei ulike økonomiske bidragsytarane til at Sunnmøre friluftsråd kan gjere jobben
- Dei mange frivillege som stiller til dugnad i ulike samanhengar
- Kommunane som legg til rette for friluftsliv
- Styremedlemmene
- Alle medarbeidarar som med iver og ansvar sørger for prosjektinntekter og gjennomføring av prosjekta

2022 var frivillegheita sitt år. Sunnmøre friluftsråd rettar ei stor takk til alle frivillege som bidreg til eit aktivt friluftsliv på Sunnmøre.

Medlemskontingent kommunane i 2022

Kommune	Innbyggartal	Medlemskontingent
Ålesund	66 918	1 328 991
Fjord	2 507	49 789
Giske	8 563	170 061
Hareid	5 136	102 001
Herøy	8 783	174 430
Sande	2 407	47 803
Stranda	4 454	88 456
Sula	9 494	188 551
Sykkylven	7 545	149 844
Ulstein	8 539	169 585
Vanylven	3 060	60 772
Vestnes	6 945	137 928
Volda	10 778	214 051
Ørsta	10 812	214 726
SUM	155 941	3 096 988

Styret 2022

Eva Hove - Fjord

styreleiar

Berit Sandvik Skeide - Ulstein

nestleiar

Jarle Hauge Steffensen - Ålesund

styremedlem

Jan Ove Skodje - Giske

styremedlem

Annika Brandal – Hareid

styremedlem

Linn-Therese Hansen Sævik - Herøy

styremedlem

Sindre Slettestøl – Sande

styremedlem

Jan Håkon Vikane - Stranda

styremedlem

Nils Erik Bjørkavåg - Sula

styremedlem

Trond Bonesmo - Sykkylven

styremedlem

John Willy Klungre - Vanylven

styremedlem

Jon Kåre Osdal - Vestnes

styremedlem

Ola Einang - Volda

Styremedlem

Karen Høydal - Ørsta

Styremedlem

Thea E. Vestre Aasen - Ålesund

styremedlem

Janet Roelofs - Ålesund

styremedlem

Christer Lundberg Nes - tilsettrepr. i styret

Styret og representantskapet 2022

Styremedlemmar 2022

Kommune	31.3.- 31.12. 2022	Verv	1.1. - 30.3. 2022
Fjord	Eva Hove Andreas Håvoll	Styreleiar Vara	Eva Hove Andreas Håvoll
Ulstein	Berit Sandvik Skeide Magnar Taklo	Nestleiar Vara	Berit Sandvik Skeide Kathrine Kriken Garnes
Giske	Jan Ove Skodje Louise Kristin Haahjem	Styremedlem Vara	Jan Ove Skodje Birger Honningsvåg
Hareid	Annika Brandal Bernhard Harkjerr	styremedlem vara	
Herøy	Linn-Therese Hansen Sævik Sigurd Nygard	Styremedlem Vara	Linn-Therese Hansen Sævik Sigurd Nygard
Sande	Sindre Slettestøl Anders Bringsvor	Styremedlem Vara	
Stranda	Jan Håkon Vikane Bodil Trondstad Lie	Styremedlem Vara	Jan Håkon Vikane Bodil Trondstad Lie
Sula	Nils Erik Bjørkavåg Karoline Antonie Slinning	Styremedlem Vara	Nils Erik Bjørkavåg Karoline Antonie Slinning
Sykkylven	Trond Bonesmo Eva Eline Tandstad	Styremedlem Vara	Trond Bonesmo Eva Eline Tandstad
Vanylven	John Willy Klungre Lilli Ann Bakkebø	Styremedlem Vara	John Willy Klungre Marina Haaberg Ersvåg
Vestnes	Jon Kåre Osdal Hilde Legernes	Styremedlem Vara	Jon Kåre Osdal Hilde Legernes
Volda	Ola Einang Annlaug Sunde Stokke	Styremedlem Vara	Ola Einang Annlaug Sunde Stokke
Ørsta	Karen Høydal Stein Aam	Styremedlem Vara	Karen Høydal Stein Aam
Ålesund	Jarle Hauge Steffenssen Anders Lindbeck	Styremedlem Vara	Jarle Hauge Steffenssen Anders Lindbeck
Ålesund	Janet Roelofs Nora G. Morken Farstad	Styremedlem Vara	Janet Roelofs Nora G. Morken Farstad
Ålesund	Thea Elise Vestre Aasen Ewa Hildre	Styremedlem Vara	Thea Elise Vestre Aasen Ewa Hildre
Tilsettrepr.	Christer Lundberg Nes Randi Kjærstad Hagerup	Styremedlem Vara	Christer Lundberg Nes Randi Kjærstad Hagerup

Etter årsmøtet 30. mars 2022 bestod arbeidsutvalet av styreleiar Eva Hove, nestleiar Berit Sandvik Skeide og Jarle Hauge Steffenssen (alle gjenvalt).

Tilsettere representant frå Sunnmøre friluftsråd (KO) har møte- og talerett i styret, jamfør samarbeidsavtalen.



Handsaming av styresaker i 2022

Styret har hatt fire styremøte gjennom året. I alt har styret handsama 97 saker, til dømes:

- Rekneskap, budsjett, årsrapport og treårig handlingsplan m/arbeidsplan 2022.
- I kvart styremøte har det også vore orienteringar om status økonomi, innvilga/avslåtte søknader, generell framdrift og orientering om interne forhold (personal, lønnsforhandling, HMS, flytteprosess)
- Friluftslivets ferdslsårer, kartleggingsprosjekt i kommunane

- Ny lokalitet for friluftsrådet
- Marin forsøpling: Gjennomføring Rydd ytre kyst Sunnmøre Nord og andre aksjonar
- Evaluering av StikkUT!-sesongen, samarbeidsavtale med Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, og nye satsingar
- Evaluering av prosjektet «Slå på ringen» og ny søknad 2023-24
- Statleg sikring og forvaltningsplanar, orientering og påminning til kommunane



Orientering ved gapahuken i Bugardsmyrane.



Styret i Sunnmøre friluftsråd. F.v.: Sindre Slettestøl (Sande), Thea Elise Vestre Aasen (Ålesund), Linn-Therese Hansen Sævik (Herøy), Annika Brandal (Hareid), nestleiar Berit Sandvik Skeide (Ulsteinvik), Trond Bonesmo (Sykkylven) Karen Høydal (Ørsta), Jan Ove Skodje (Giske), styreleiar Eva Hove (Fjord), John Willy Klungre (Vanylven), Ola Einang (Volda), Janet Roelofs (Ålesund), Jan Håkon Vikane (Stranda), Nils Erik Bjørkavåg (Sula) og Jarle Hauge Steffensen (Ålesund). Jon Kåre Osdal (Vestnes) og Christer Lundberg Nes (tilsettere representant) var fråverande under bildetakinga.

Representantskapsmøtet 2022

Sunnmøre friluftsråd er organisert etter kommunelova som eit kommunalt oppgåvefelleskap (KO), og øvste organ er representantskapet med to representantar frå kvar av deltakarkommunane.

Representantskapsmøtet vart halde i Ulsteinvik. I forkant var det synfaring til det opparbeida friluftsområdet Bugardsmyrane. Der har Ulstein kommune og frivillege etablert fleire grusa turveggar og sett opp gapahuk og rasteplassar. Kultursjef Leif Ringstad i Ulstein kommune sørger for omvising og orientering om opparbeiding av friluftsområdet.

Tilbake i Samfunnshuset ønskte varaordfører Stian Lehman Scheide oss velkomne, og orienterte om kommunen og friluftsarbeidet deira. I starten av møtet fekk også forsamlinga ei orientering frå Hilde Ellingsæter og Anne Berit Støyva Emblem om Stikk UT!, både erfaringar og statistikk frå 2021 og behovet for å auke inntektene for å kome i økonomisk balanse.

Representantskapet handsama vanlege årsmøtesaker, oppdaterte samarbeidsavtalen på enkelte punkt og valde nytt styre.



Styreleiar og ordførar i Fjord Eva Hove i samtale med Trygve Holm, Sula (t.v.) og kultursjef Leif Ringstad i Ulstein kommune.



Lena Landsverk Sande, ordførar i Vanylven, i lystig prat med Martin Kjøpstad frå Vestnes.

Heile Sunnmøre samla i friluftsfamilien

Hareid og Sande nye medlemskommunar i 2022



Samling på Ovrasanden i Hareid: F.v.: ordførar Bernt Brandal, Anne Berit Støyva Emblem, Hilde Ellingsæter, kommunedirektør Ragnhild Velsvik Berge, planleggjar Cecilie Breiteig, einingsleiar Aina Giskeødegård Balsnes og folkehelsekoordinator Monika Torvik Stokset. Foto: Ingvild Aursøy Måseide, Vikebladet.

Ved representantskapet i mars vart Hareid og Sande formelt teke opp som nye medlemskommunar i Sunnmøre friluftsråd. Dei er begge kyst- og havkommunar med rik kulturhistorie og fine turområde.

Sande fekk tjuvstarte litt og fekk med fleire Stikk UT!-turar vinersesongen. I løpet av året har dei hatt merkbart meir besøk av StikkUT!-deltakarar.

Friluftsrådet har samarbeidd godt med kommunane dette første året.



Informasjon om friluftsrådet til eit samla kommunestyre i Sande i oktober 2021.

Administrasjonen

Tilsette

Per 31.12.22 har friluftsrådet:

- Åtte faste tilsette som utgjør 7,4 årsverk og to midlertidig tilsette i 1,4 årsverk.

Gjennom året har friluftsrådet også hatt omlag 20 tilkallingshjelper/timelønnte som til saman utgjorde to årsverk (innleigde som instruktørar og medhjelparar i driftsarbeidet, friluftsskulane, Leikepatruljen og ulike friluftslivsarrangement)

Endringar i staben i 2022:

Inger Bakke, prosjektleiar for Slå på ringen og Innvandrarprosjekt vart fast tilsett i 80 prosent frå 1.1.2023.

Malin Ytterhaug Giske, medhjelpar på tvers av fleire prosjekt, kom tilbake frå foreldrepermisjon i juni.

Dagleg leiar fekk midlertidig gradert permisjon på 31 prosent i oktober, grunna offentleg verv.



Anne Berit Støyva Emblem

Dagleg leiar

M: 908 15 035

E: anne.emblem@friluftsradet.no



Christer Lundberg Nes

Fagleiar Aktivitet

M: 912 46 400

E: Christer@friluftsradet.no



Malin Therese Fiksdal

Fagleiar Marin forsøpling

M: 482 31 905

E: malin.fiksdal@friluftsradet.no



Pål Henry Høyberg

Leiar Drift og anlegg land

M: 468 95 705

E: paal@friluftsradet.no



Randi Kjærstad Hagerup

Prosjektkoordinator for Rydd ytre kyst 2021-2023 (midlertidig)

M: 468 08 487

E: randi@friluftsradet.no



Malin Y. Giske

Bistår på tvers av prosjekta

M: 959 353 74

E: malin@friluftsradet.no



Ny lokasjon

Frå mars 2023 blir Sunnmøre friluftsråd å finne i nye lokale, i dei tidlegare lokala til Byggtorget Digernes.

Den nye adressa er:

**Sunnmøre friluftsråd
Stettevegen 73
6260 Skodje**

Kontora blir i 2. etasje i trebygget som JKE er i. Her får ein også eit relativt stort møterom som gir friluftsrådet moglegheit til å arrangere møter og kurs. Friluftsrådet får også tilgang til eit sjønært lager med god plass i bygg rett ved sidan av. Her blir det mellom anna plass til dei 50 kajakkane som friluftsrådet har, samt forskjellig utstyr som både aktivitet- og driftsområdet nyttar.



Hilde Ellingsæter

Prosjektleiar Stikk UT!,
Naturmøteplass og Naturlos
M: 977 09 653
E: hilde@friluftsradet.no



Inger Bakke

Prosjektleiar Slå på ringen og
Friluftaktivitet innvandrarar
M: 482 18 981
E: inger@friluftsradet.no



Torgeir Lausund Sund

Leiar for Skjærgårdstjenesten
Møre og Romsdal
M: 900 46 092
E: torgeir@friluftsradet.no



Christian Ødegaard

Medarb. Skjærgårdstjenesten
M: 457 66 666
E: christian@friluftsradet.no



*Kontraktsgjening mellom
Anne Berit Støyya Emblem,
Jan-Arne Finnøy, dagleg leiar
Byggtorget Digernes.*

Møte, representasjonsoppgaver og anna

Gjennom heile året er friluftsrådet vanlegvis med på ei rad møter, kurs, synfaringar mm i samband med arbeidet vårt. Dette gjeld både lokalt i medlemskommunane, på fylkesnivå og nasjonalt. I tillegg blir både dagleg leiar og andre av dei tilsette ofte inviterte til å halde foredrag i ulike fora og fortelje om arbeidet til friluftsrådet.

Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal (FNR) er ein viktig samarbeidspartnar særleg når det gjeld turtrimmen Stikk UT!, men også på fleire andre område. Sunnmøre friluftsråd er medlem i Friluftsrådenes Landsforbund (FL) og Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal (FNF).

Vi har delteke på landskonferansen for friluftsliv i Bodø i Nordland i mai, og tilsettesamling i Molde i september.

Vi deltok også på 30-årsjubileum for Skjærgårdstjenesten i Stavanger i november.



Deltaking på Brosundet på langs i Ålesund.



Anne Berit Støyva Emblem, Torgeir lausund Sund, Pål Henry Høyberg og Christian Ødegaard deltok 30-årsjubileum for Skjærgårdstjenesten i Stavanger.



Tilsettesamling i Molde. F.v. Christer Lundberg Nes, Morten Dåsnes (dagleg leiar FL), Anne Berit Støyva Emblem og Christian Landmark (dagleg leiar Lister friluftsråd).



På Storlihytta i Molde under tilsettesamling i september. F.v. Anne Berit Støyva Emblem, Malin Therese Fiksda og Malin Y. Giske.



Tur til Keiservarden ved Bodø under landskonferansen for friluftsliv i mai. F.v. Anne Berit Støyva Emblem, Pål Henry Høyberg og styreleiar Eva Hove.



Inger Bakke (prosjektleder for Slå på Ringen) hadde innlegg om lek og rørsle i skulegarden under tilsettesamlinga i Molde i september.



Samling i styringsgruppa for Stikk UT! på NMK. F.v. Marte Melbø, Kristin Solli, Ola Fremo, Liv Synnøve Hoel i Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, og Anne Berit Støyva Emblem. Hilde Ellingsæter er også med i gruppa.



2022 var frivillegeita sitt år, og Sunnmøre friluftsråd markerte dette med samling av Stikk UT! frivillege på Ytrehovdeåsen i Ørsta kommune i juni.



Fredrik Gustavsen (t.v.) i Statens Naturoppsyn har vore med oss på fleire ryddeaksjonar, og har også supplert med ekstra båt. Her saman med Christian Ødegaard.



Malin Therese Fiksdal og Randi Kjærstad Hagerup under ryddeaksjon i Geirangerfjorden.

Aktivitetsarbeid i skule og barnehage

Kajakk i skulen/kajakknettverket

2022 var det 4. året med nettverksarbeid om meir og betre bruk av kajakk i skulen. Det er laga nye skriftlege avtalar med tilsaman 14 skular, og for totalt 44 lærarar!

Totalt har friluftsrådet gjennomført:

- 1 forkurs aktivitetsleiar
- 1 grunnkurs
- 2 dagar med teknikkøving
- 1 aktivitetsleiarkurs
- 1 fagdag

Fagdagen er ein dag med fagleg påfyll og erfaringsdeling. Referat frå fagdagen 2022 finn du her:

https://www.friluftsradet.no/site/pages/load_pic.php?pic_id=3383

Fem nye lærar er i 2022 kvalifiserte til aktivitetsleiarar i våttkortstigen til padleforbundet. Totalt har kajakk i skulen prosjektet no utdanna 16 lærar til aktivitetsleiarar! Over 200 elevar ved ungdomsskulane i Ørsta og Sula fekk kajakkundervisning i 2022!

Undervisninga er gjennomført av eigne lærarar som

er utdanna aktivitetsleiarar gjennom prosjektet, og med kajakkar lånt frå Sunnmøre friluftsråd.

Kajakk i skulen vert gjennomført i samarbeid med Dag Roland (Rettleiar hav, NPF). Overordna mål med prosjektet «Kajakk i skulen» er at lærarane skal kunne drive kajakkaktivitet og læring i friluft med eigne elevar på ein trygg måte.

Måla er vidare å:

- Trygge at det blir eit fagleg kajakkmiljø ved kvar skule som deltek ved at fleire lærarar er med i prosjektet.
- Kvalitetssikre kunnskap og ferdigheiter i kajakkpadling til kvar enkelt lærarar ved å utdanne dei til aktivitetsleiarar i Padleforbundet.
- Stimulere til samarbeid, erfaringsdeling og fagleg utviklingsarbeid gjennom nettverksarbeid mellom fleire skular.
- Kvar skule skal innføre kajakkundervisning i lokal læreplan for relevante klassetrinn.
- Prosjektet skal utvikle og dele undervisningsopplegg gjennom kartdatabasen <https://stedbasert.avinet.no/>



Frå padlefestival UNG. Foto Sara Magnadottir.



Aktivitetsleiarkurs kajakk i skulen.



Frå grunnkurs kajakk i skulen.



Frå fagdag kajakk i skulen.



Frå grunnkurs kajakk i skulen.



Frå utandørs livredningskurs.

Utandørs livredningsprøve

Utandørs livredningsprøve og kurs vert gjennomført i samarbeid med Morten Gjersest. Morten er fysioterapeut i Volda og instruktør gjennom Norges Livredningsforbund.

Utandørs livredning og utesymjing har kome inn i dei nye læreplanane og frå 2021 skal dette emnet vere ein del av undervisninga i skulene. Det er derfor eit stort behov for kompetanseheving i skulene i medlemskommunane.

Friluftsrådet sine kurs er svært praktiske med mykje erfaringslæring og didaktikk.

Friluftsrådet har gjennomført eitt kurs for lærarar frå to ulike kommunar for totalt 10 lærar.



Frå utandørs livredningskurs.



Frå utandørs livredningskurs.

Urørt

Urørt er eit samarbeidsprosjekt om å utvikle beste praksis turar for å formidle verdien av tilnærma urørt natur og auke forståing til formålet for verneverdi-ane for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde. Prosjektet er gjennomført i samarbeid med Eidsdal skule, områdeverneforvaltinga for Geiranger-Herdalen og Stiftinga Geirangerfjord verdsarv.

I 2022 gjennomførte friluftsrådet seks heile dagar med undervisningsopplegg for Eidsdal skule. To dagar med undervisningsopplegg i kvart av skuletrinna småskulen, mellomtrinnet og ungdomstrinnet. Samt at studentar frå Høgskulen i Volda gjennomførte praksisopplegg med vinterfriluftsliv og overnatting i fjellet for Eidsdal skule.



Urørt ved Eidsdal skule, her med soppstaking.

«Slå på ringen»/leikepatruljen

Sunnmøre friluftsråd driv prosjektet «Slå på ringen» – uteleik for betre folkehelse, som famnar om alle barneskulane på Sunnmøre. Prosjektet er retta mot både elevar og tilsette og har mål om å få fokus på meir uteleik, tryggleik, rørsle og glede i skulegardane. Tilbodet er gratis for skulane som er med.

Målet med «Slå på ringen» å skape større merksemd rundt uteleiken. Vi vil inspirere til enkel og variert uteleik. I ei tid der fysisk aktivitet og trening blir målt i pulsslag og kilometer vil vi bidra til å styrke kunnskapen om og kjennskapen til kva uteleiken er og kva den gjer med oss. Uteleik er mykje meir enn frisk luft og fysisk aktivitet. Her møtest framtidsferdighetene og fagfornyninga. Leik, rørsle, samhandling og læring heng saman.

«Slå på ringen» styrkar den enkle, genuine og sjølvdrivne uteleiken. Dette gjer vi gjennom kurs for elevar, tilsette i skulen og andre. Vi har sett over tid at uteleiken har fått mindre plass både i skulen og på fritida.

Barna og dei vaksne sitt leike-repertoar er betydeleg mindre enn berre for eit tiår sidan. Som ein konsekvens av dette har truleg dei motoriske ferdigheitene blitt svekka, den kreative stimuleringa av sansane fått mindre fokus og den sosiale samhandlinga blir ikkje utfordra i same grad som tidlegare. Med «Slå på ringen» arbeider vi dagleg med å auke medvitet om kvifor leiken er så viktig og utvikle og dele praktiske metodar for å styrke dette.

«Slå på ringen» består av Leikepatruljen, inspirasjonssamlingar for elevar frå 50 barneskular på Sunnmøre to gongar i året, Prøvekaninane, rørsle og uteleikverkstad for alle tilsette på kvar skule og «Digitalt digg», ein digital leikebank med filma uteleikar. Her blir det produsert og publisert filmar kontinuerleg.

«Slå på ringen» har blitt svært godt motteke i alle skular, både blant elevar og tilsette, og vi ivrar etter å halde fram og utvikle dette prosjektet til glede for enda fleire.

Kommunar som har delteke i 2022: Ålesund, Sula, Giske, Vestnes, Ørsta, Volda, Ulsteinvik, Sykkylven og Fjord.

Tal for 2022:

- 48 arrangement for elevar og vaksne i barneskulene
- kurs for 1 608 elevar
- kurs for 481 vaksne
- produserte filmar med leikar: 30



Kjekt med uteleik!



God tone mellom prosjektleiar for Slå på Ringen Inger Bakke og deltakarane.



Jubelen stod i taket for Inger Bakke t.v. og dagleg leiar Anne Berit Støyva Emblem då Gjensidige sin blånisse Halldor Lillebø dukka opp på kontoret rett før jul med ein gåvesjekk på heile 600.000 kroner til Slå på ringen.



Skjermdump av ein av dei totalt 34 leikane som er produsert av Sunnmøre friluftsråd og som er tilgjengeleg for alle på Youtube



Leik i snøen.



Gøyme og leite?



Bli kjent med eige byfjell. Rundtur på Aksla.

Innvandrarprosjektet «Naturen som eg er ein del av»

I 2022 har Sunnmøre friluftsråd utvida prosjektet til også å omfatte vaksenopplæringa i Ørsta kommune i tillegg til det etablerte samarbeidet i Ålesund og Sykkylven. Prosjektleiari Inger Bakke har gjennomført 20 arrangement med i alt 440 deltakarar.

Vi har halde fram med å presentere dei for friluftsliv i alle årstidene og i ulik natur. Med bakgrunn i føregåande år, ser vi at det er heilt nødvendig å utvikle prosjektet i veldig tette band til vaksenopplæringa. Det dukkar stadig opp nye utfordringar, inga gruppe

er lik, så arbeidet med å tilpasse opplegga til dei ulike gruppene er kontinuerleg. Vi har tilbydd ein tur/arrangement i månaden. Kvart arrangement varte ein heil skuledag.

Gjennom året har vi introdusert elevane til friluftslivsområda i gå/sykleavstand som dei lett kan oppsøke sjølve seinare. Og i tillegg har vi tatt dei med på turar i ulik natur som skog, fjell, fjøre. Vi har vist dei korleis og kva dei kan hauste frå naturen gjennom året.



Sukkertoppen i strålende og varmt sommarvår.



Når det er fryktelig dårlig vêr ute, finn vi alternative løysingar. Her i foajeen på Parken kulturhus.



Mat på bål med Ørsta opplæringscenter.



Skidag i Vaksvika med ski på beina for første gong.

Aktivitetsarbeid i fritida



Ny Naturmøteplass vart starta i Øygarden i Valldal (Fjord kommune) i mai 2022.

Naturmøteplassen

Naturmøteplassen er eit lågterskel og uforpliktande tilbod til alle som har høve til å gå tur på dagtid, og som set pris hyggelege møte med andre.

Bålet brenn og kaffien er klar i eit fast tidsrom på ein fast stad ein bestemt dag kvar veke (eller annankvar veke). Blide og inkluderande vertar tek hjarteleg imot alle som kjem, og spanderer varm drikke med noko attåt - og slår gjerne av ein prat.

Naturmøteplassane er eit godt folkehelseiltak der folk både kjem seg ut på tur og samtidig har det sosialt og kjekt saman med andre. Tilbodet er til personar i alle aldrar som er ledig på dagtid. Det kan vere permitterte, arbeidsledige, pensjonistar, trygda, barnehagar, skuleklasser, personar som tek lunsjen sin der, foreldre i permisjon eller personar som kjenner seg einsame.

Det har vore jamnt mellom 20-40 (også meir) personar på kvar av dei sju møteplassane gjennom året. Vi starta tre nye Naturmøteplassar i 2022, som er svært

godt motteke. Om lag 2 300 personar i alle aldrar var innom Naturmøteplassane i 2022.

Vi har god hjelp frå frivilligsentralane til å organisere og sette opp vaktlistar, der frivillige enkeltpersonar, lag og organisasjonar byter på å vere vertskap.

Friluftsrådet dekkjer utgiftene til ved, kaffi, utstyr osv, takka vere midlar frå Friluftsrådenes Landsforbund og Møre og Romsdal fylkeskommune.

Naturmøteplassane motiverer folk til å kome seg ut på tur i friluft heile året, og nesten uansett vêr. At så mange kjem kvar gong, betyr at dei i alle fall kjem over dørstokkmila ein dag i veka. Og sidan dei må gå eit stykke for å kome fram, er det grunn til å tru at forma blir betre også.



Blide studentar får servert varm kakao på Naturmøteplassen på Aksla i Ålesund kommune.



Den nye gapahuken ved Synnalsvatnet i Brattvåg (Ålesund kommune) vart raskt tatt i bruk som ny Naturmøteplass (oktober.)



Per Enge, Gunn Elisa og Poul Jenssen er trufast vertskap kvar einaste veke året gjennom ved Naturmøteplassen i Kråkvika i Vestnes kommune.



Naturmøteplassen på Stafsethneset var i drift fram til juli, då vertane måtte gi seg. Vi har så langt ikkje lykkast med å få på plass nye vertar der.



Naturmøteplassen Kaffivika i Sula kommune er godt etablert og ein populær treffstad.



Solskin og glede på Naturmøteplassen i Bugardsmyrane i Ulstein kommune.



Bading i Storevatnet. Friluftsskulen i Sula. Foto: Ellen Marte Solem.

Friluftsskular

Friluftsrådet gjennomførte fire friluftsskular for til saman 67 barn i 2022. Friluftsskulane vart arrangerte i Sula (Vassetvatnet), Volda, og Ålesund (Murvika i Skodje og Stafsethneset i Blindheim).

Friluftsskulane er eit nasjonalt satsingsområde for Friluftsrådenes Landsforbund (FL) og Den Norske Turistforening (DNT). Tilbodet er for barn i alderen 10-13 år i starten av sommarferien og varer i fem dagar inkl. ein overnattingstur. Friluftsskulane har høg fagleg kvalitet med aktivitetar som bading, orientering, tur, leikar og kajakk, i år var marin forsøpling eit eige tema.



Hengekøynecamp. Foto Ellen Marte Solem.

Padlefestival UNG

Padlefestivalen i 2022 stod av fem introduksjonskurs for ungdom mellom 14–17 år som vart arrangert på fem ulike stadar på Sunnmøre. Dette var på Stafsethneset og Murvika i Ålesund kommune, Kråkvika i Vestnes kommune, Rotevatnet i Volda kommune og Snipsøyrvatnet i Hareid kommune.

Til saman var det med 22 deltakarar fra sju ulike medlemskommunar.



Frå Padlefestival UNG med introduksjonskurs i kajakk på Rotevatnet i Volda. Foto: Åshild Skallebø.


Naturlos-avis

Friluftsrådet har i mange år trykt to aviser årleg med informasjon om arrangerte fellesturar med guide/naturlos. Dette var også planen i 2022, men midlane strakk ikkje til.

Etter å ha gitt ut papiravis til alle husstandar på Sunnmøre og i Vestnes i slutten av april, vart det beslutt a at haustens avis berre kunne bli digital, med deling på eiga og fleire kommunar sine nettstadar – i tillegg til sosiale media.

Totalt i årets Naturlos-aviser har vi formidla informasjon om 113 gratis fellesturar saman med ein turleiar (Naturlos) på Sunnmøre.

Dei fleste turane er arrangert av turlag og organisasjonar, men også fleire ordførarar/folkehelsekoordinatorar har arrangert turar med stor suksess.



Framsida av Naturlos-avisa som kom ut i april 2022.

Kom UT i haustferien

Friluftsrådet gjennomførte aktivitetar for SFO og gav tilbod til ungdom i haustferien i Ulsteinvik, Stranda, Sykkylven og Ørsta. Tilsaman 118 deltakarar var med på dei fem aktivitetdagane.

Utleige av færingar

Sunnmøre friluftsråd eig to færingar som er til utleige til privatpersonar, lag og foreiningar. «Leia» og «Linge» blir stelt og haldne ved like av Sunnmøre Kystlag. Dei ligg ved kai ved Sunnmøre Museum, som administrerer og får inntektene frå utleiga. «Linge» har plass til 4 personar og kostar berre kr 150 å leige ein dag. Med overnatting og lavvo blir prisen kr 350. Same prisane gjeld for «Leia», som har plass til seks personar.



«Leia» og «Linge».

FRILUFTSLIVETS BÆREKRAFTSPLAKAT

FNs bærekraftsmål er verdens felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikhet og stoppe klimaendringene innen 2030.

Sunnmøre friluftsråd ønsker å bidra aktivt til å oppfylle disse måla



Vi vil:



MÅL 3 GOD HELSE OG LIVSKVALITET

- Bidra til god fysisk og psykisk helse gjennom å jobbe for et friluftsliv for alle, som består av både organisert og egenorganisert aktivitet
- Sikre at alle barn og unge lærer grunnleggende friluftslivsferdigheter
- Tilrettelegge friluftslivsområder for sosialt fellesskap
- Arbeide for gode rammevilkår for frivilligheten, og gjøre det enkelt og attraktivt å være frivillig



MÅL 4 GOD UTDANNING

- Heve skolenes kompetanse på bruk av naturen som læringsarena, og jobbe for at dette prioriteres i skolenes planverk og i lærerutdanningen
- Skape økt forståelse for at naturen er forutsetningen for menneskets eksistens og livskvalitet



MÅL 9 INDUSTRI, INNOVASJON OG INFRASTRUKTUR

- Støtte opp om forskning og andre tiltak som bidrar til et mer bærekraftig friluftsliv



MÅL 10 MINDRE ULIKHET

- Sikre allemannsretten som et gratis fellesgode
- Styrke inkluderings- og mangfoldsarbeidet, og legge til rette for at alle skal kunne delta i friluftslivet
- Støtte, etablere og bidra til drift av utlånssentraler for utstyr til fritidsaktiviteter



MÅL 11 BÆREKRAFTIG BYER OG LOKALSAMFUNN

- Sikre natur- og friluftslivsområder med åpne og inkluderende møte- og aktivitetsplasser, nær der folk bor
- Arbeide for at det skal etableres flere gang- og sykkelveier, stier og turveier
- Øke anerkjennelsen av frivillighetens egenverdi og betydning for å skape samfunn preget av tillit, trygghet og tilhørighet



MÅL 12 ANSVARLIG FORBRUK OG PRODUKSJON

- Inspirere til friluftsliv som handler om opplevelser og ikke utstyr
- Vektlegge nærfriluftsliv og opplevelser som ikke krever mye utstyr eller store anlegg
- Redusere forbruket av friluftsutstyr og -klær ved å fremme krav til kvalitet og stimulere til deling og gjenbruk



MÅL 13 STOPPE KLIMAENDRINGENE

- Redusere friluftslivets klimaavtrykk ved å arbeide for mer klimavennlig transport i ferie og fritid, og fremme kortreiste hverdagsopplevelser i nærmiljøet



MÅL 14 OG 15 LIVET I HAVET | LIVET PÅ LAND

- Informere om, og inspirere til, sporløs ferdsel i naturen
- Fremme naturvennlig tilrettelegging og kanalisering av ferdsel og annen friluftslivsaktivitet der det er behov av hensyn til sårbar natur
- Verne om viktige friluftslivsområder, spesielt områder nær der folk bor, strandsonen, bymarker og større sammenhengende skog- og fjellområder
- Stimulere til og koordinere rydding av avfall langs kysten og i naturen ellers



MÅL 17 SAMARBEID FOR Å NÅ MÅLENE

- Videreføre et bredt samarbeid for et mer bærekraftig friluftsliv, både mellom friluftslivsorganisasjonene og med myndighetene
- Formidle våre bærekraftserfaringer i internasjonalt samarbeid, og hente kompetanse og inspirasjon fra andre land
- Inspirere alle som bedriver friluftsliv til å engasjere seg for å oppfylle FN's bærekraftsmål

Lån av friluftsutstyr

Sunnmøre friluftsråd har laga ei oversikt over kvar du kan låne friluftsutstyr i medlemskommunane til friluftsrådet.

Dette er opne utstyrsbasar som er tilgjengeleg for folk flest, utan at ein treng å vere medlem i ulike lag- og organisasjonar.

Avsnittet under gir meir informasjon om utstyrsbasane og er henta frå heimesida til friluftsrådet: www.friluftsradet.no/utstyrsbase

Utstyrsbase/sportsbibliotek/Bua og Skattekammer

Utlån av friluftsutstyr har mange namn og er organisert på litt ulike måtar.


Og det er mange stader ein kan få låne utstyr til friluftsliv på Sunnmøre.

Utstyrsbasane har ulikt innhald. Alt frå telt og kokekar til turski, truger og akebrett. Nokre stader kan ein også få låne kajakk og utstyr til andre vassaktivitetar.

Gjer vel og ta kontakt med den einkilde utstyrsbase i opningstida for oppdatert informasjon om kva utstyr dei har og korleis du kan få låne dette!

All informasjon du finn her er gitt etter beste evne med atterhald om feil. Send oss gjerne tilbakemelding om endringar eller feil.

Ålesund kommune har ei informasjonsside og oversikt over fleire utlånsordningar, også frå lag og organisasjonar som ÅST og Røde Kors m.fl.



Kart på nettsida til Sunnmøre friluftsråd med oversikt over kvar ein kan låne friluftsutstyr.

Stikk UT! og andre turrutebasar

Stikk UT! 2022

Til trass for tidenes dårlegaste sommarvêr på nord-vestlandet nådde Stikk UT! i 2022 ei oppslutning på over 40.000 deltakarar og nesten 900.000 registrerte turar i heile fylket i sommarsesongen.

Om ein ser bort frå pandemiåret 2021, med den formidable oppslutninga som viste over 1,2 mill registrerte turar og 50.000 deltakarar, var dette nok ein auke i deltakinga frå tidlegare år. Med bakgrunn i dette opprettheld turtrimmen posisjonen som det viktigaste folkehelseiltaket i Møre og Romsdal.

Nærturar meir populære

Totalt i fylket var det 498 turmål i sommarsesongen 2022. 276 av desse var på Sunnmøre og Vestnes, der 18.256 deltakarar registrerte 451.620 turar. Alle tur-

måla var godt besøkte og registreringane fordelte seg jamnt ut over sesongen frå 1. mai til 31. oktober. Stikk UT! når alle aldersgrupper og lag av befolkninga, og deltakinga syner klart at Stikk UT! er ein stor motivasjonsfaktor for folk til å kome seg på tur, oppleve nye turmål og kome i betre form.

Gjennom sommarsesongen 2022 såg vi at nærturane har blitt ekstra populære. I tillegg jaktar mange Stikk UT!-turmål rundt om i fylket og oppdagar såleis nye turmål og blir betre kjent i eigen region.

Vinter Stikk UT!

Tala for Stikk UT! vinter (i perioden frå 15. des – 2. påskedag), med både skiturar og fotturar, kan ikkje måle seg sommarsesongen, men har for kvart år hatt



Under Stikk UT! festivalen i september kom endeleg finevêret til Sunnmøre, og turgleda blant folk strålte om kapp med sola. Friluftsrådet hadde stand ved Lillevatnet saman med hovudsponsor Sparebanken Møre og samarbeidspartnar Wattn, der ein jamn straum med turglade kom innom.

stor auke både i talet på deltakarar og registreringar.

I 2022 var det 295 turmål i heile fylket, derav 152 på Sunnmøre. I vintersesongen 2022 registrerte over 11.000 aktive deltakarar (8 584 i 2021) heile 171.473 turar (116.230 i 2021) i fylket. Av desse var 129.691 fotturar og 41.782 skiturar. På Sunnmøre vart der registrert 83.210 turar av godt og vel 5000 deltakarar.

Dette viser at Stikk UT! er ein stor motivasjonsfaktor for å få folk ut på tur i den kalde og mørke årstida også – ei tid det er lett for å vere meir inne og mindre aktiv. Også vinterturane engasjerer folk i alle aldrar. Og begge kjønn.

På vårparten sette vi i gang kampanjen «Vekas skidestinasjon». Dette vart gjort for å marknadsføre skidestinasjonene som har Stikk UT! Ski-turmål og få fleire ut på ski og oppleve skiglede. 2022 var «Frivillighetens år» og i den samanheng ville vi også løfte fram alle dei frivillige som jobbar med Stikk UT! Ski. Marknadsføringa vart gjort gjennom pressemeldingar til media og oppdatering på stikkut.no

Alle kommunane med på Stikk UT!

Etterspurnad frå innbyggjarane om deltaking i Stikk UT! i eiga kommune er den viktigaste grunnen til at nye kommunar melder seg inn i friluftsrådet, og i 2022 kom dei to siste kommunane, Sande og Hareid, med i Stikk UT!-familien på Sunnmøre. Dermed er alle dei 13 kommunane på Sunnmøre, samt Vestnes, medlemmer i Sunnmøre friluftsråd i 2022. Alle kommunane har vore med på sommar Stikk UT!, og er påmeld vintersesongen 2022/23.

Samarbeidsavtale

Sunnmøre friluftsråd driftar Stikk UT! i tett samarbeid med Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal (FNM), som er juridisk eigar av Stikk UT!. For å lette på og klargjere samarbeid og ansvarsområde har det i 2022 blitt utarbeidd og undertekna ein samarbeidsavtale om Stikk UT! mellom dei to friluftsråda. I denne avtalen har Sunnmøre både økonomiske forpliktingar overfor FNR og krav om å bidra med 0,7 årsverk.

Løypestatus i app

Appen som vart lansert sommaren 2021 har blitt ein stor suksess, og er til stor nytte for deltakarane både til



Glade barn som er med på Stikk UT! Her frå Stikk UT! Festivalen ved Lillevatnet i Spjelkavika.



Frå workshop med apputviklar Nivero for å utvikle Turlogg i Stikk UT!-appen.



Om lag 250 frivillege på Sunnmøre og i Vestnes bidreg til at Stikk UT! kan gjennomførast. Utan den store innsatsen frå desse hadde det ikkje vore muleg å gjennomføre turtrimmen.



Anne Berit Støyva Emblem på Høgskulen i Volda, der ho introduserer Stikk UT! til nye studentar.



Etter sommarsesongen hadde vi evalueringsøte med kommunekontaktene, der vi starta samlinga med tur, kaffe og kanelsnurrar på Stafsethneset.

å finne fram til turmåla og til å registrere turane. Det er til no gjort over 90.000 nedlastingar av appen som er gratis for brukarane, men som saman med drift av nettsida kostar dyrt for friluftsråda.

I oppstarten av vintersesongen 2022/23 vart loyper net (som viser når og kvar det er oppkørde skiløyper) integrert i Stikk UT!-appen. Dette er ei forenkling for brukarane som då slepp å forhalde seg til to appar når dei skal på skitur.

Frivilleg arbeid

Stikk UT! har om lag 250 frivillige i sitt apparat, som er med og tilrettelegg for gjennomføringa av turtrimmen (innmelding av turmål, turskildringar, skilting, merking, vedlikehald og trakking av skiløyper m.m.). I samband med Frivillegåret 2022 vart desse heidra både med arrangement og gåver. Og ikkje minst ei STOR TAKK!



Stikk UT! damer! Marte Melbø (t.v.) og Liv Synnøve Hoel frå Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, og Hilde Ellingsæter frå Sunnmøre friluftsråd.

Stikk UT! er heilt avhengige av desse frivillege – og utan den store innsatsen dei gjer hadde det ikkje vore mogleg å gjennomføre turtrimmen. Tusen hjarteleg takk for innsatsen til kvar og ein!

Stikk UT! Festival

I friluftslivets veke vart det for første gong arrangert Stikk UT! Festival, som er ei vidareføring av Stikk UT! Maraton. Målet med festivalen var å skape ekstra blest om Stikk UT! og få ekstra mange ut på tur i løpet av veka. I den samanheng sette vi både nettsida og appen i festivalmodus, vi laga fleire fellesarrangement, mellom anna lunsjpause- og ettermiddagsturar, og vi var på stand ved NTNU Ålesund og Høgskulen i Volda for å informere unge studentar om Stikk UT!-konseptet og dele ut kart.

I festivalveka kom endeleg fineveret også, og vi fekk

10 samanhengande dagar med SOL! Dette resulterte i om lag 58.000 turar og 14.500 deltakarar den veka.

Turstifond

Med den store aktiviteten Stikk UT! genererer, blir det naturleg nok også slitasje på nokre stiar. For å bøte på dette har Stikk UT! i 2022 fått eit eige Stifond, der enkeltpersonar, lag, foreiningar og kommunar kan søke midlar til førstehjelpstiltak på tikk UT!-stiar. Det er vår verdifulle og gode sponsor Sparebanken Møre som har gitt 500.000 kr til fondet. Dette beløpet blir delt mellom friluftsråda i fylket. Turstifondet har vore under planlegging i 2022, og blir iverksett frå 1. mars 2023.

Prisnominasjon

Stikk UT! har gjort seg bemerkta på mange område og har blitt eit kjent begrep både i og utanfor fylket sine grenser. Under årets IDC Awards i Øygardshallen på Giske i oktober (som Momentum står bak) var Stikk UT! nominert til to prisar; «Årets Brand» og «Bærekraftprisen».

Det er stas å vere blant dei nominerte, men sigeren klarte vi ikkje å hale i land då den nasjonale juryen kåra to andre svært verdige vinnarar i desse kategoriene

Stor vekst og store kostnader

Stikk UT! har gjennom mange år vore ein stor suksess – og som kjent; suksess kostar.

Den konstante veksten med auka aktivitet og satsingsområde, samt mål om endå betre brukaropplevingar, gjer seg ikkje sjølv og krev auka ressursar. Difor viser prosjektrekneskapet nok eit



Turregistrering ved Vassetvatnet i Sula.

år stort underskot i drift av turtrimmen for Sunnmøre Friluftsråd.

Friluftsrådet mottok minimalt med støtte frå det offentlege til å drifte turtrimmen. Og sjølv med gode økonomiske samarbeidspartnarar (Sparebanken Møre og Wattn), inntekt frå bedriftsdeltaking og sponsorar så er ikkje det nok til at rekneskapet (per no) går i balanse.

Stikk UT! har for Sunnmøre friluftsråd aleine eit budsjett på 1,7 millionar kroner, og då er ikkje verdien av frivillig arbeid på 1,4 millionar kr rekna med.

Økonomiske grep

For å ta grep om økonomien vart det i løpet av sommarsesongen 2022 sett i gong arbeid med skaffe sponsorar, som ved å støtte turtrimmen får vist sin bedriftslogo som turhelsing i Stikk UT! appen når deltakarar registrerer eit turmål. Dette arbeidet krev også ressursar i form av å kontakte potensielle sponsorar, gjennomføre sponsormøte med dei ein for positiv respons frå, skrive kontrakter, innhente logoar og passe på at det blir riktig i appen.

I 2022 fekk vi med oss fem sponsorar som gav oss ei inntekt på totalt 200 000 kr. Både innsalg av fleire sponsoravtalar og grep for å få med endå fleire bedrifter vil ha stort fokus i 2023 for å få Stikk UT! i balanse.



STIKK UT!-VETT & ALLEMANNSPLIKTA
Alle pliktar å vise omsyn til natur, grunnleggjarar og andre ein møter. Vi oppfordrar alle til å følge reglane for Stikk UT!-vett:

1. Vær omsyn til dyrever og fuglar. Løsk grindor og ikkje forstyr hunder nær.
2. Hugs beredning. Løse hunder kan skydekke nær på heiter, seierne og forstyrre både for og friluftsliv.
3. Bruk eksisterende bilplassar og sett dig etter bilforbod. Tenn ikkje opp bål på kvaberg eller fast fjell, då det kan spreie asp og bli avhengig for alltid.
4. Ta vare på stiene, gå minst mogleg på stive stier i våre periodar.
5. Ta med seg ditt henn.
6. Hold på tilstet ord og pass på at du ikkje er til hinder for andre.
7. Les turkåringa før du reiser ut på tur. Her merknar på ei nover turar, særleg saumane ann i mai - respekter det.
8. Du er sjølv ansvarleg for din eigen utrustning - legg turar etter egne ferdselshen.

KORLEIS DELTA PÅ STIKK UT!
Det er friluftsrådet som driftar Stikk UT! i samarbeid med medlemskommunane sine og mange frivillige. For å vere med på Stikk UT! må du opprette ein brukar og registrere turane sine. Dette gjer du i Stikk UT!-appen eller på stikkut.no. Her finn du også gode turkåringar, med kart og GPS-spør. Det er gratis å vere med.

VELKOMMEN TIL STIKK UT! 2022
I år kan vi tilby 500 turar i alle kommunar i Møre og Romsdal, samt Heim i Tredølag. Værslasjonen på turane er stor - nokre er korte og godt tilrettelagde, andre er lange turar som krev godt utstyr og god planlegging. Vi håpar Stikk UT! vil inspirere til fine turar, uansett kva turmål du velger.

Kartet, som kvart år blir distribuert til alle husstandar i Møre og Romsdal, inneheldt i 2022 heile 500 turmål.



Turkort-hefte/nettside med turskildring

Turkort er namnet på informasjonsarbeidet om gode turmål for alle. Dette er eit viktig og varig informasjonsarbeid om gode turmoglegheter for dei aller fleste. Turane er klassifiserte etter Merkehandboka, og er i all hovudsak enkle og flotte turar rundt om i medlemskommunane.

Turane blir presentert i ei eiga bok og på eigne og eksterne digitale plattformer. Turkortboka 2020 vart delt ut til medlemskommunane i starten av 2021. Den inneheld 60 turtips i 13 kommunar. Boka er til sals i nettbutikken.

Arbeid med synfaring og kart har gitt og gir grunnlag for oppdatering i kartet gjennom fylket og kartverket. Turar blir synleggjort i fylket sin turportal www.morotur.no og vi er i dialog med fylket om forbetringar i presentasjon og informasjon til ulike målgrupper.

Friluftsrådet bidrar også med å samle spennande informasjon på tvers av fagfelt som gjer turane meir interessante. Her er døme på segn og lokalhistorie: Trollet på Fløstranda.



Alle turane kan du laste ned ein og ein på denne sida eller via Google maps og skrive ut på eigen skrivar i A4-format!

Friluftslivets ferdselsårer – kommunale planar

Stiar, turvegar, løyper og leder er avgjerande for utøving av friluftsliv, og vert kalla friluftslivets ferdselsårer. Stortingsmeld. 18 (2015-2016) Friluftsliv – Natur som kjelde til helse og livskvalitet er grunnlaget for ei nasjonal satsing på friluftslivets ferdselsårer, leia av Miljødirektoratet.

I perioden 2020-23 leiar fylkeskommunen prosjektet «Friluftslivets ferdselsårer Møre og Romsdal». Sunnmøre friluftsråd og Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal deltek i prosjektet og skal der i gjennom bistå i kommunal planlegging for betre tilrettelegging for friluftsliv. Mange kommunar i fylket har tidlegare gjennomført kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde (KVF), og har dermed eit godt grunnlag å gå vidare med utarbeiding av planar for friluftslivet sine ferdselsårer. Fylkeskommunen har også ein stor database med ca. 2000 GPS-spora turruter i morotur.no.

Gode kommunale planar for friluftslivets ferdselsårer er med på å identifisere, ivareta og utvikle ferdselsårene. Planane vil òg vere viktig kunnskap for

å ivareta friluftsliv i anna arealplanlegging, og samtidig vere ein plan for korleis ferdselsårene kan utviklast på ein berekraftig måte.

Desse ni kommunane har starta med kartleggingsprosjektet i 2021 eller i 2022: Fjord, Giske, Hareid, Sykkylven, Stranda, Ulstein, Volda, Ørsta, Ålesund. Dei er ulikt komne i prosessen, friluftsrådet skal bistå i fullføring av planarbeidet for friluftslivets ferdselsårer i 2023.



Kartlegging av friluftslivets ferdselsårer, Anne Berit i møte med Helge Kvalheim, Gunnar Wangen og Ingvild Endal i Ørsta kommune 23. juni 2022

Sikring og tilrettelegging av friluftsområde

Statleg sikring og forvaltningsplanar

Statleg sikring betyr at staten kjøper friluftslivsområde som er spesielt viktige for befolkninga. Staten kan betale inntil 100 % av kostnadane dersom arealet er regionalt viktig, og 50 % dersom det mest er lokalbefolkninga som brukar det. Kommunen får så råderetten over området, som ikkje kan brukast til anna enn friluftsliv etter kjøpet. Etter avtale, kan kommunane delegere heile eller delar av ansvaret for drift og skjøtsel til friluftsrådet. Friluftsrådet skal vere ein pådrivar og hjelp for kommunane i arbeidet både med å søke statleg sikring og utforming av forvaltningsplanar for områda som er blitt statleg sikra.

Dei aller fleste søknadane blir innvilga, og dette er ei viktig kjelde til finansiering av tilretteleggingstiltak. Både kommunane sjølve og friluftsrådet søker kvart år offentlege midlar til tilretteleggingstiltak i desse områda. Det kan vere til tiltak som gapahukar, bål-plassar, stupebrett, flytebrygger, stiar, toalett, parkeringsplass osv. Føresetnaden er at kommunane saman med friluftsrådet lagar forvaltningspla-

nar for kvart av områda, som skal godkjennast av fylkeskommunen.

Friluftsrådet gir rettleiing til frivillige som vil påverke kommunen til å sikre eit område, vidare er vi med på synfaringar og møter med kommunen og grunneigarar. Når kommunen skal i gang med sjølve søknaden om sikring, gir vi også «steg-for-steg»rettleiing.

I 2022 har vi spesielt jobba med å tilrettelegge rundt grindstova på Stafsethneset, med taktorv og universelt utforma inngangsparti. Vi har bestilt friluftstolett som skal stå på øya Hundsvær i Ålesund, som blir satt ut i 2023. Friluftsrådet har også starta arbeidet med å kartlegge og dokumentere miljøomsyn på badestrendene vi har lagt ut skjellsand, dette dokumentasjonsarbeidet vil bli ferdigstilt i 2023. I 2022 har gjennomgått kommunale forvaltningsplanar og hatt fleire møter med kommunar om statleg sikring og utarbeiding av planar for friluftsområda.



Arbeid med å gjere ferdig området rundt Grindstova slik at det også blir rullestolvenleg.



Grindstova på Stafsethneset i Ålesund kommune med ferdig opparbeidd uteområde.



Brua over elva i Stordal som vart teke av isen.

Skjøtsel og drift gjennom året

Driftsavdelinga til friluftsrådet har heilt eller delvis ansvar for drift, skjøtsel og nye tilretteleggingstiltak i mange statleg sikra friluftsområde i medlemskommunane.

Friluftsrådet har ei rad eigedelar som bruer, toalett, grindbygg og gapahukar, grill/bålplassar, stupebrett, rastebenkar, informasjonsskilt mm. Desse ligg i hovudsak i regionalt viktige friluftslivsområde (sjå vedlegg side 50 og 52, som gir ei fullstendig oversikt over våre ansvarsområde og kva vi eig).

Drifts- og skjøtselsarbeidet omfattar jamt tilsyn, vask og tømning/påfylling av toaletta, slått av gras, opprydding av søppel, fjerning av kratt, tilsyn og reparasjonar av installasjonar vi har ansvaret for.

Velforeiningar og andre bidreg med dugnader i fleire av friluftsområda, som t.d. Ålesund Rotary Øst på Svinøya, Kråkvika Vel i Kråkvika i Vestnes og LHL/Vatne Velforening i Gurinesbukta i Haram.

Friluftsrådet leasar fire arbeidsbilar.

Kontor, verkstad, lager og driftsutstyr

Sidan hausten 2011 har friluftsrådet hatt kontor, lager og verkstad på Kongshaugstranda 105 i Vegsundet i Sula kommune. Her har vi hatt sju kontor med diverse fellesareal, og om lag 320 m² lager og verkstadlokale. Fagleiar for Aktivitet har kontorplass på Volda Campus.

Vi disponerer fire arbeidsbilar, tre båtar, ein beitepuskar, fleire bilhengarar og anna nødvendig utstyr og reiskapar.

I utstyrsbasen for utlån til skular har vi mellom anna fleire kajakkhengarar med 14 kajakkar på kvar, lavvoar, truger, kokeutstyr for bål, snøformingssett, taubruer mm.

Lageret er delt inn i avdelingar for utstyrsutlån, utstyr til Leikepatruljen, marin forsøpling, Stikk UT! og verkstader.



Bygging av nye toalett som skal fraktast med helikopter til Hundsvær.



Jan Petter Lied i ferd med å reparere eitt av toaletta som har fått skade.

Marin forsøpling



Frå ryddeaksjon i Geirangerfjorden i juni.



Mange frå friluftsrådet var med då verdsarvfjorden i Geiranger vart rydda i løpet av tre dagar i juni. F.v. Malin Fiksdal, Randi Kjærstad Hagerup, Hilde Ellingsæter, Anne Berit Støyva Emblem, Torgeir Lausund Sund, Christian Ødegaard, Sebastian Lausund Sund (ekstrahjelp) og Pål Henry Høyberg.

Marin forsøpling 2022 finansiert av Miljødirektoratet

For marin forsøpling har 2022 vore det første «normal-året» etter Covid. Det vart lagt ned ein god innsats i å oppmode frivillige til å bli med ut å rydde igjen etter mykje restriksjonar som Covid medførte.

Gjennom våren rydda vi saman med mange ulike grupper som skuleklassar, heile skuletrinn, idrettslag, bedrifter og mindre organisasjonar. Vi har aktivt bidrege med all koordinering knytt til ein ryddeaksjon, alt etter kva folk ønskjer hjelp til. Det har omfatta alt frå val av ryddestad, utdeling av ryddeutstyr, og i stort sett alle aksjonar har vi tatt oss av renovasjon.

SF har rydda både via båt på holmar og landfast areal saman med frivillige.

Det har blitt mange fine stunder saman med nye personar, som vi ønskjer vidare samarbeid med. Ein har naturlegvis også hatt mange flotte opplevingar med eksisterande samarbeidspartar.

Tilsaman har SF direkte bidrege inn mot 15 ryddeaksjonar, der vi har vore tilstades og informert om marin forsøpling, plukka søppel, og tatt hand om koordineringa kring ryddeaksjonane. Vi har bidrege i mange fleire aksjonar enn dette utan att ein har tal på alle. Men omtrent 2.000 dugnadstimar og nesten 2.500 frivillige personar, har vi bidrege til av frivillig rydding i medlemskommunane våre.

SF har reist til ulike skular og undervist i marin forsøpling, ofte ute saman med elevane før ryddeaksjon, men også i klasserommet.

På rydding gjennom prosjektet til Miljødirektoratet har vi registrert inn omtrent 30 tonn plukka marint avfall. Dette omfatar også kilo som ein har rydda internt i SF på profesjonell rydding.

SF har hatt eit stort prosjekt i 2022 knytt til



Rydding av Storholmen i Sula saman med Sula ungdomskule

rydding av indre kyst. Vi har samarbeidd med Norsk Fjordsenter i Geiranger og Hofseth Aqua som er lokalt forankra i indre kyst, og saman har vi rydde fjøra for søppel. Vi rakk å plukke nesten 10 mil med strandsone i særskilt krevjande terreng som kravde erfarne ryddarar. Det vart omtrent 3 tonn med søppel. Planen er å fortsette i 2023.

SF har rydda mykje søppel andre stader også. Blant dei er Gjøsundholmen naturreservat i Ålesund kommune, Raudnesvika naturreservat i Sula kommune, og mange holmar kring Ålesund og Sula. Det har vore lagt ned ein god innsats med strandrydding på Hamsundet i Søvika, Ørsnesbukta på Vatne, Humla i Ålesund, Fiksdal i Vestnes, i tillegg til Rydd indre kyst der både Stranda, Fjord og Sykkylven kommune er med.

SF har og rydda mange andre stadar som har vore rydda tidlegare, men som har stor tilføtt av nytt søppel jamt. SF har samarbeida godt og tett med Skjærgårdstjenesten i år. Vi har rydda mykje marint søppel saman, noko vi skal fortsette med. Prosjektet har bevisst berre nytta Skjærgårdstjenesten til sine ryddeoppdrag.

SF er fortsatt koordinator for Nettverk marin forøpling Møre og Romsdal saman med Runde miljø-senter og Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal. Nettverket veks i talet på medlemmar, noko som er veldig positivt, og har til no 287 medlemmar. I 2022 arrangerte koordinatorane i Nettverket tre ulike samlingar. Vårsamlinga gjekk av stabelen i Vestnes kommune der programmet handla mykje om HMS og erfaringsutveksling, samt om fuglelivet i fjøra. Vi hadde fuglespesialist Alv Ottar Folkestad på besøk og lærte mykje om temaet. I august hadde Nettverket ei samling som vi kalla «Holmehopping» der ein samla ein gjeng på Uksnøya på Nordøyane. Programmet var i hovudsak rydding av marint søppel på Uksnøya og kringliggande holmar – men og ei lita innføring i lokalhistorie. På hausten arrangerte Nettverket haustsamling på Smøla. Her vart det mykje erfaringsutveksling, og tema som sortering av marint avfall stod høgt på agendaen. Ein fekk omvising på sorteringsanlegget til Plastjegerne som ryddar marint søppel på Smøla. Samlingane til Nettverket er særdeles viktige for dei frivillige ryddarane. Erfaringsutveksling og påfyll av ny kunnskap, og ikkje minst samhald og bekjentskap, er viktig. Elles driv Nettverket med informasjonsflyt og promotering for å synleggjer oss og å skaffe nye medlemmar.

Rydd ytre kyst Ålesund og Giske 2021–2023



Fagleiar Malin Therese Fiksdal er prosjektleiar for Rydd ytre kyst.




Randi Kjærstad Hagerup, prosjektkoordinator for Prosjekt Rydd ytre kyst.



Randi Kjærstad Hagerup (Sunmøre friluftsråd), Bente Fiskerstrand (Plastfritt hav), Beate Kjerstad (Plastpiratene) og Lisbeth Skarsbø Grytten (Tavaha Fjørtoft).



Rydd Norge Møre og Romsdal



Deler av ytre kyst i Møre og Romsdal har store utfordringar med marin plastforsøpling som har hopa seg opp over tid. Forsøplinga finst ofte langs eksponerte kyststrekke med krevjande tilkomst, og oppsamling av avfall forutset kvalifisert personell med god trening og relevant sikkerheitsutstyr. Det er estimert at det ligg mellom 930 og 1400 tonn marint avfall langs kysten i fylket. Det vil ta mellom 52000 og 78000 timar å rydde dette avfallet, og det er estimert at jobben vil koste 68 mill. kr. (+/-15 mill.)

Sunnmøre friluftsråd signerte i oktober 2021 kontrakt for rydding av område 3) Sunnmøre Nord. Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal skal rydde område 1) og 2) Smøla og Hustadvika, og Runde miljøsenster skal rydde område 4) Sunnmøre sør. Disse tre aktørane utgjør forøvrig også Nettverk marin forsøpling Møre og Romsdal, som arbeidar aktivt førebyggjande mot marin forsøpling i fylket.

I oktober 2021 signerte Sunnmøre friluftsråd kontrakt med Handelens Miljøfond om rydding av ytre kyst i Ålesund og Giske 2021–2023 i prosjektet Rydd Norge. Malin Therese Fiksal er prosjektleder, og Randi Kjærstad Hagerup er tilsett som prosjekt-kordinator for gjennomføringa til 2023.

SF har saman med dei innleigde ryddarane fjerna omtrent 40 tonn med søppel frå dei kartfesta områda i prosjektet i 2022. Det er lagd ned over 3000 arbeidstimar og folk har trossa mykje dårleg vær og tunge løft for å rydde i ytre. Halvegs i ryddeprosessen er vi godt i rute for å fullføre etter planen.

Om prosjektet

Rydd Norge Møre og Romsdal er ein del av Rydd Norge programmet til Handelens Miljøfond, som er landets første og største nasjonale ryddeprogram. Innan utgangen av 2023 skal programmet ha rydda minst 40 prosent av Norges ytre kyst, samt prioriterte vassdrag. Rydd Norge-programmet blei etablert i 2020 og vert leia av Handelens Miljøfond. Programmet er inndelt i

ti regionale prosjekt, der Møre og Romsdal er eitt av desse. Administrator i Møre og Romsdal i Rydd Norge er Marbio AS.

Arealet for Sunnmøre Nord omfattar Erkna, deler av Godøya, Vigra, Lepsøya, Haramsøya og Flemsøy/Skuløy, og heile Fjørtofta, Finnøya, Seterøya og Sandøy.

Ryddinga starta opp i november 2021. Sjølv arbeidet gjerast av friluftsrådet i samarbeid med andre ikkje-kommersielle aktørar: **Plastfritt Hav**, **Plastpiratane** og **TAVAHA Fjørtoft**. Desse organisasjonane har lang erfaring med rydding av sin nærmatur, og saman vil vi bidra til at områda blir tryggare for så vel turgåarar som fugl- og dyreliv.

Dette prosjektet skal vere i tillegg til, og ikkje ein erstatning for den fantastiske frivillige innsatsen som har vore i området. Midlane prosjektet gir vil gi ny giv til organisasjonane og langsiktigheit i den viktige innsatsen dei gjer i arbeidet med marin forsøpling.

Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal bistår på utsette område.



Torgeir Lausund Sund (t.v.) er dagleg leiar av Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal og fast skipper på «Rigmor». Christian Ødegaard er matros.

Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal

Skjærgårdstenesta i fylket er eit spleiselag mellom Staten v/Miljødirektoratet, Møre og Romsdal fylkeskommune og dei to friluftsråda i fylket. Staten betalar 50 % av kostnadane, og fylkeskommunen og friluftsråda betaler 25% kvar. I 2021 har vi jobba fram og signert ein samarbeidsavtale mellom dei fire partane. Sunnmøre friluftsråd står for drifta, og har det daglege, økonomiske, administrative, juridiske og operasjonelle ansvaret.

Båt og mannskap er stasjonert i Ålesund, men skal operere i heile fylket. Hovudoppgåvene er drift, skjøtsel og tilretteleggingstiltak i statleg sikra friluftslivområde, og er ein viktig reiskap i arbeidet mot marin forsøpling. Sunnmøre friluftsråd gir oppdrag til skjærgårdstenesta for våre område. Tenesta er også ein samarbeidspart for Statens Naturoppsyn og del av beredskapen i fylket.

Arbeidsbåten «Rigmor» er viktigaste verktøyet, men ved behov får tenesta bruke den som passar best av dei tre mindre arbeidsbåtane til Sunnmøre friluftsråd.



«Rigmor» under ryddeaksjon i Geirangerfjorden i juni.

Drift sjøbaserte friluftsområde

Gjennom året har Skjærgårdstenesta jamt tilsyn med og vedlikehald av dei statleg sikra sjøbaserte friluftslivsområda. Dette omfattar gjennomføring av nye prosjekt, og stell og vedlikehald av det som alt finst, som toalett, brygger, bord og benkar, bålplassar, badebøyer osv.



Skjærgårdstjenesten er mykje brukt når marint avfall skal fraktast frå holmar og øyer.



Fraktning av beitedyr som gjer ein viktig jobb med kulturlandskapet i friluftsområda.



Pål Henry Høyberg (t.v.), Christian Ødegaard, Anne Berit Støyva Emblem og Torgeir Lausund Sund deltok på samling for Skjærgårdstjenesten i Stavanger.



I land med mykje marint avfall.



Ny brygge på Vikholmen i Ellingsøyfjorden.



Brenning av nedfallsskog på Forøya i Averøy.



Fullasta «Rigmor» klar for lossing.

Medieomtale

Med heile 232 medieomtalar i 2022 er Sunnmøre friluftsråd er i toppen av statistikken mellom friluftsråda når det gjeld medieoppslag.

Bygdebladet er den lokalavisa som har flest omtalar av friluftsrådet, tett følgt av Møre, Møre-Nytt og Nordre. NRK Møre og Romsdal, med TV- og radiosendingar, har også dekt mykje av aktiviteten gjennom året, men er ikkje teke med i statistikken.


Saka som har fått mest omtale er «Stikk UT! med større satsing på vinter» og «Kajakk i skulen i regi av friluftsrådet».

Sunnmøre friluftsråd har i 2022 sendt ut 12 pressemeldingar som har vore adressert til dei fleste media på Sunnmøre og i Vestnes.

Sak (top 18): Articles

Stikk UT! med større satsing på vinter!	7
Kajakk i skulen i regi av friluftsrådet	5
Torsdag starter Stikk UT!-Vinter – 15 turmål i Sunndal,...	5
Rekordmange på tur under Stikk UT! Festival	5
Bassengtrening med kajakk for ungdom	3
Velkommen til Stikk UT! Festival	3
Velkommen til Stikk UT! Festival!	3
Helt til topps i kåring!	3
Årets friluftsskular	3
Nye rekordar for Stikk UT! i vintersesongen og...	3
Stikk UT! med større satsing på vinter! LSEARBILETE	2
Vinterturar med StikkUT	2
Er du klar for Stikk UT! Vinter?	2
Blånissen dukka opp med gavesjekk	2
Stikk Ut større enn noen gang	2
Har du framlegg til Stikk UT! Vinterfottur?	2
Stikk UT! skaper god folkehelse	2
Others	177

Profile (top 6): Articles




Kildenavn (top 18): Articles

Bygdebladet	27
Møre	21
Møre-Nytt	17
Nordre.no	15
Romsdals Budstikke	15
Vikebladet Vestposten	13
Øy-Blikk	10
NyttiUka	10
Vestnesavisa	9
Vestlandsnytt.no	8
Åndalsnes Avis	8
Sunnørsposten	8
Tidens Krav	7
Nyss.no	7
Driva	6
Volda kommune	5
Trollheimsporten	5
Others	40

Sunnmøre Friluftsråd

Time zone: GMT+01:00

231 articles from Jan 01. 2022 (12:00) to Dec 31. 2022 (11:59)



Mentions
231

Unique media
38

Reach
4.1 mill.

Top media
Bygdebladet

Friluftstilbod til barn og unge er viktig for folkehelse. Sunnmøre friluftsråd har i sommar hatt fleire tilbod i medlemskommunane våre. Først ute var friluftsskular for barn mellom 11 og 13 år i starten av fellesferien, og på slutten har vi hatt padlefestival/kurs for ungdom mellom 14 og 17 år.



Mar samler folk og (ikke) misot når det ligg toast på bålet.

Vi arrangerte friluftsskular fire ulike stader i regionen som varte ei veke kvar. Vi hadde mellom anna med dyktige studenter i friluftsliv på Høgskulen i Volda som leiarar. På friluftsskulen nær miljø har barna lært kor mykje liv det eigentleg finst på ein liten flokk og barna har lært seg om sporløs ferdsel. Barna som var med har vist at dei For mange var dette første møte med friluftsliv, og vi observerte at dei fleste

Lei av å rydde opp

Plastbelagt sprengtråd fylte strendene på Lepsøya og fuglefredningsrådene før jul. Dette ble det ryddet opp i, men før jula var over ble strendene på nytt dekket. Myndighetene bruker store ressurser på miljøvern og skal nå finne ut hvem som står bak. NYTTOR, 4-7



Beitvorve der Høgskulen i Volda

– Bedring av folkehelse er fundamentet i alt vi foretar oss

– Vi kan være til inspirasjon og komme med tips og råd til de som sørger for anleggelse av turstier.

Ame Berit Støyva Emblem er daglig leder av Sunnmøre friluftsråd. Sammen med tre andre fra friluftsrådet var hun nylig på en landskonferanse i Bodø og møtte rundt 200 fra hele landet der det ble påtyllt av motivasjon til det priviverdige arbeidet med å bedre folkehelsen. – Å jobbe for å bedre folkehelse er selve fundamentet i alt vi gjør i friluftsrådet, sier Støyva Emblem. Og gir en stor honnør til alle som ønsker å legge forholdene til rette for utøvelsen av tur- og turer gjennom å gjøre underlaget det ferdes på gjenstøper. Som gjengen i Sjøelvik rotaryklubb som har jobbet på dugnad siden 2019 (se egen sak). Denne klubben er en av mange i fylket som jobber haugvis av dugnadstimer for at det skal bli lettere å komme seg til fjells. Rotaryklubben har jobbet med ankomsten til fjell som Høgskubben og Getnaua. Men det finnes en rekke andre dugnadsgrupper, velforeninger, pensjonistgrupper og idrettslag som gjør en priviverdig og ubetalt jobb til fellesskapets beste.



På Henry Høyberg og Anne Berit Støyva Emblem deler gladelig sine råd og tips til idrettslag som vil utbedre turstier i sitt nærrområde. FOTO: JARLE MORDAL



NATURMØTEPlass Onsdag kan du treffe nokre av desse glade vertane ved gapahuken ved Synnalsandsvatnet. Frå venstre Hilde Ellingsæter i Sunnmøre friluftsråd, Svein Ove Høistad, Marion Dalhaug, Audun Klev, Cathrine Flem Lervåg, Aaslaug Vågnes og Tove Høistad. Foto: Linda Bakken

Velkommen til ny Naturmøteplass

bygdebladet Nr. 49, Fredag 24. juni 2022

Vil du vere med å rydde?

Malin Therese Fiksdal har utarbeidd ein plan for rydding av dei indre kyststroka på Sunnmøre. Der blir det lagt vekt på at den viktigaste arbeidskrafta er bistand frå frivillige.

– Det kan vere frivillige enten frå bedrifter, skule, idrettslag og privatpersonar, seier Malin. – Vi er alltid på utkikk etter ressursar som kan styrke oss i kampen mot marin forsopling, både på opprydding som vi akkurat har gjennomført her, men også med forebyggjande arbeid. I tillegg nyttar friluftsrådet sin eigen kapasitet



Dersom nokon vil hjelpe med strandrydding, stiller Sunnmøre friluftsråd med båt og mannskap dersom dei har ledig kapasitet. Her med Christian Ødegård og Malin Therese Fiksdal

Stakk ut med ordføreren



Søndag ettermiddag tok ordførar Bernt Brandal i Hareid med seg eit større turfølge på tur frå Brandal til Kvitneset. Der var det stopp for ei lita matlytt og ein hsto om anlegget på Kvitneset, har dei som ville sjekke vidare til Buhammaren. FOTO: ANDREAS STEINNES BJERNES

– Vi rekk ikkje å bli ferdige i 2022 og kanskje

Nye rekordar og nylanseringar for Stikk UT



Mikle Ellingstad og Anne Berit Støyya Emblem gløt seg over nye Stikk UT!-turar. (Foto: S. UT)

Vintersesongen 2022 med Stikk UT! Ski og Stikk UT! Vinterfotter er ferdig, og har slått føre års rekordar! No er sommarsesongen i startgropa med 503 som har lagt nå rette og til alle vore har delatt!

Vintersesongen har vore i tidsrommet 15. januar til 18. april. Most populære turmål er skiturar av det Gauselidde på ein ekstra byllest i Frivillig år 2022! Vi vil også takke i samarbeid med støttegruppa Stikk UT!

INNSENDT

SUNNMØRE FRILUFTSRÅD

Heile Sunnmøre samla i Friluftsrådet

Alle 14 kommunane på Sunnmøre er no med i Sunnmøre friluftsråd etter at Sande og Hareid blei rekne opp som medlemmer på representantskapsmøtet nyleg. Her kjem ein undring av referatet frå representantskapsmøtet som blei heldt i 14. januar.



STYRE: Det nye styret i Sunnmøre friluftsråd. Frå venstre: Sindre Slettstøl (Sandne), ryl, Thea Elise Vestre Aasen (Ålesund), Linn Therese Hansen Sævik (Hemne), Anrika Brandal (Hareid), Berit Sandvik Skeide - nestledar, J. Kristin Vik (Stranda), Jan Ove Skjold (Giske), Eva Hove - styreleiar (Fjord), John Willy Klungre (Vanylven), Karan (Ålesund), Jan Håkon Vikane (Stranda), Nils Erik Børkavåg (Sula) og Jarle Hauge Steffensen (Ålesund). To var kkje til stades på bildet: Jan Kåre Odal (Vestnes) og Christer Lundberg Nes (Issetrepresentant)

Rekordmange på tur under Stikk UT! Festival

Sist veke arrangerte friluftsråda i fylket Stikk UT! Festival for første gong. Elleve lagar med etterlegta solørte til rekordopplutning, og til saman 58.067 turar art registrert.

Det er berre heilt fantastisk! rålar Ola Fremo, dagleg leiar i Friluftsrådet Nordmøre og omsdal, og Anne Berit Støyya Emblem, dagleg leiar i Sunnmøre friluftsråd, i ei pressemelding. Stivalen er ei feiring av den orme turgleda i regionen vår, n har gjort Stikk UT! til landet største turtrim. Totalt er 13 felarrangement blitt gjennomført nan med Stikk UT!-kontaktar sponsorar gjennom festivaluka.

Endeleg kom finværet og vi into at ber vilje folk trekke ut, i likevel; 58.067 turar på elleve turmål registrert av 14.445 perso-



* Ola Fremo og Anne Berit Støyya Emblem.



På bildet Emilie Glås fra Friluftspentrolen og Nils Espen Lilleheim fra LHL. (Foto: Per RICH Hårustad)

Naturmøteplass med kaffe og godprat

Hver tirsdag er det mulig å få en prat og en kaffe i gapahuken på Åksla.

Tirsdag i forrige uke var det - Det er naturmøteplass ved dammen på bylletet ber hver tirsdag, året gjennom, forteller han.

Sunnmøre friluftsråd står bak Naturmøteplassen, og på

Også på Bagardsmø Utleie finnes det en st møteplass. Naturmøteplassen er terskel- og uforpliktet til alle som har anled

FRILUFTSRÅDET

Årets friluftsskular

Kvart år arrangerer Sunnmøre Friluftsråd friluftsskular for born mellom 11 og 13 år. Det er eit populært tilbod. I år vart det arrangert friluftsskular på Statsetnmet i Ålesund og Vassetrmet i Sula i veke 26 (27. juni - 1. juli) og Murvika i Skjold, og Vokka i veke 27 (1. - 8. juli).

Friluftsskulane går over fem dagar. Dei første tre fyste dagane møter ein opp på morgonen og blir til ettermiddagen. Frå tosdag til fredag planlegg vi overnattingar i bergelagane.

Det blir mykje spennande å



Doblar støtta til Stikk-UT! - Turtrim-suksessen krev økonomisk løft



JUBLAR: for ny hovudsponsoravtale. Frå venstre Ola Fremo, dagleg leiar i Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Finn Tøngren, banksjef i Sparebanken Møre avd Molde, Kristin Erika Søll, marknadsrådgivar for Stikk UT! og Anne Berit Støyya Emblem, dagleg leiar i Sunnmøre Friluftsråd. FOTO: Sunnmøre Friluftsråd

som blir gjort. At dei no doblar støtta til Stikk UT! dei neste tre åra er fantastisk og heilt avgjerande for Stikk UT! i eit langsiktig perspektiv, seier Ola Fremo, dagleg leiar i Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal.

Stikk UT! er eid av Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal og blir drive i partnerskap med Sunnmøre Friluftsråd. Friluftsråda samarbeider med Fylkeskommunen og kommunane i Møre og Romsdal, samt Heim kommune i Trøndelag.

Det som starta som ein konkurranse med 10 turmål har vakse seg til å bli ein institusjon i fylket vårt; no med over 500 tur-

Feirer friluft og turglede

Det finnes så mange kje grunner til å komme seg i opp av sofaen og ut på tur.

Denne uken feires norsk natur og friluftsliv over hele landet. På Sunnmøre markeres Friluftslivets uke med ulike arrangement - og mange, mange turar i et fantastisk fint vær.

Friluftsrådet har like så godt stelt i stand en egen Stikk UT! festival, der de inviterer alle som vil til å bli med på tur.

Stikk ut er det viktigste folkehelse tiltaket i Møre og Romsdal, og noe for



2021 var rekordår for Stikk UT! med meir enn 1,2 millionar turar. Stikk UT! har i 15 år bidrege til gode turmøteplassar for inn

Kort i uka



De frivillige på Stikk UT!-tur til Ytrehovdåsen lørdag 11. juni. Foto: Sunnmøre friluftsråd

Takker de frivillige

I forbindelse med frivillighetens år 2022 vil Sunnmøre friluftsråd benytte muligheten til å hedre sine frivillige, og løfte frem den enorme dugnadsinnsatsen de legger ned. Friluftsrådet har derfor mottatt støtte fra Møre og Romsdal fylkeskommune til å gjøre stas på de frivillige under «Vår Uke», som markeres på mange måter rundt om i landet og er en anledning til å takke frivillighetene.

«Frivillighetens år skal medvirke til å vise hva frivilligheten betyr for Norge. Vi skal fjerne barrierer som enkelte kan ha for deltakelse i frivillig aktivitet, vi skal øke deltakelsen, og synliggjøre frivillig sektor sin betydning

– Det er mange som bidrar for at Stikk UT! skal gå rundt. Som så mye anna er Stikk UT! tufta på en god del frivillig arbeid. På Sunnmøre har vi rundt 250 frivillige som hjelper til. Til sammen legger de ned cirka 2 000 dugnadstimer i året. Det står det enormt respekt av, og vi er utrolig takknemlige, sier Anne Berit Støva Emblem, daglig leder i Sunnmøre friluftsråd.

For å hedre de frivillige inviterte friluftsrådet alle Stikk UT!-frivillige til samling i Hovdebygda lørdag 11. juni. Under samlinga ble det Stikk UT!-tur, aktiviteter og konkurranser med premier.

– For å vise at vi setter pris på dem og den store innsat-

Plukkar søppel i storslått natur

Sunnmøre Friluftsråd har saman med Skjergardstene i Møre og Romsdal og Statens naturoppsyn denne veka hatt ryddeaksjon langs kystlinja mellom Hellesylt og Geiranger.



Frå venstre: Malin Therese Fiksdal, Anne Berit Støva Emblem, Sebastian Sund, Pål Heyberg, Randi Kjenstad Hagen og Hilde Ellingsæter og Torger Sund. Bilete frå torsdag. FOTO: PÅNAT

Sunnmøre Friluftsråd (SF) har fått tildelt eit tilbøtt frå miljødirektoratet som skal gå til fleire oppdrag kring heile Sunnmøre i 2022 og utover. Denne veka har dei sett i gang ein av desse, som er å intensivere ryddinga i andre kyststrøk.

Det er nok kjende for mange for arbeid med mellom anna rydding i naturen. I fjor, til dømes, tok eit par medlemmar frå organisasjonen med seg eševær og lærarar frå vakansopplæringa i Sykkylven ut for å vise dei kor mykje søppel som faktisk finst i naturen.

Ryddeaksjonen

Onsdag denne veka starta dei ryddeaksjonen i fint vær. Frå Sunnmøre Friluftsråd var det lite deltakarar, men også ein person frå Statens naturoppsyn stilte opp med båt og rydda saman med dei.

Prosjektleiar Malin Fiksdal kunne fortelje til Nysa på slutten av dagen at dei hadde rydda seg ferdig inne i Getrangerfor-



ad-distriktet rundt

Nr. 84 Fredag 11. november 2022

bygdebladet

900.000 Stikk UT!-turar – trass dårleg sommervær

Sunnmøre Friluftsråd og Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal vil gjerne takke alle innbyggjarane for nok ein godt gjennomført Stikk UT!-sesong. TIL trass for ein «ekstremt våt» sommar vart det registrert nesten 900.000 turar i Møre og Romsdal fylke og Heim kommune i år. Over 40.000 deltakarar var med i årets sesong av den populære turtrimmen.



Anne Berit Støva Emblem, leiar i Sunnmøre Friluftsråd (t.v.) er fornøyd med årets Stikk UT!-veke. (Foto: Friluftsrådet)

BB - REIDAR OPSAL

– I Stikk UT!-sesongen 2022 ser vi at nærturane har vore veldig viktig, fortel Ola Fremo, dagleg leiar i Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal.

hadde heile 1,2 millionar registreringar så er friluftsråda like fornøgd med årets resultat. At Stikk UT! får folk ut på tur, sjølv når det er dårleg vær, er folkehel-sarbeid på sitt viktigaste.

drifter i heile fylket.

– Stikk UT! Festivalen er komen for å bli, slår Støva Emblem fast.

– Festivalen er ein fantastisk

ført ei spørjeundersøking deltakarane. Her svarar 70 prosent at Stikk UT! er viktig for livskvaliteten deira.

llige, våre to stikkprøver frå m eller så fann vi mykje på ko nar. I Mykje av det ligg ned i ut

Stikk UT! satsar på vinter

15. desember går startskotet for Stikk UT! Vinter 2023, som med 349 turmål er større enn nokon gong.

– I tillegg til 142 skiturar er det denne vinteren heile 207 fotarar med. Alle kommunane i Møre og Romsdal, samt Heim og Lesja/ Bjoerli, er med og byr dermed på den største Stikk UT! Vinter nokon gong. Ta på varme klede, fyll sekken med varm drikk og godsaker og finn di vinterperle, er oppfordringa frå dei to friluftsråda i fylket.

– Med fleire tilgjengelege fotarar i tillegg til ski, vil vi no gjøre eit forsøk på å aktivisere endå fleire i den tida på året då vi treng det mest, seier Liv Synnøve Hoel i Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, som i januar tok over jobben som leiar for Stikk UT! etter Marte Melbu.

– Årets sommarsesong viste



Hilde Ellingsæter (Sunnmøre) og Liv Synnøve Hoel (Nordmøre og Romsdal). (Foto: SF)

ONSDAG 17. AUGUST 2022

Vestnesavis

Kajakk-kurs på Flatevågen ga vått



TEORI: Kurset startar med å bli kjent og ein viktig teoridell før praksis på vatnet.

Berre tre deltakarar deltok på onsdagens introduksjonskurs i padling for ungdom mellom 14 og 17 år i Vestnes. Kurset er finansiert gjennom tipsmidlar frå Friluftsrådets Landsforbund, og kostar ein liten

nvågn, med ei lita presentasjonsrunde i teoribøll før dei tek plass i kvar ein kajakk. Lektarene poengterer viktigeheita med gjærne vandrått, og ikkje minst korleis ein e kajakk som len kan verte ved overrett tru

Populære vinterturar i Sande



FRÅ GAPAHUKENS DÅR: Gaphukken Legebu er eit populært turmål. No er det også mogleg å registrere turen på Stikk UT! FOTO: BERT SYNNØVE UKE.



FLOTT UTSIKT: Slik er utsikta frå Legebu. I bakgrunnen ser vi Rastesundet og Stad. FOTO: BERT SYNNØVE UKE.

Frå og med nyttår er også Sande kommune med i Sunnmøre friluftsråd. Det

Her er også fleire tilreisande som kjem for å gå. Det er tydeleg fleire samlarar som samlar på turar i appen. Og eg er heilt sikker på at dette er vel-

Økonomi og rekneskap

Årsoppgjeret har ein omsetnad i 2022 på 15,7 mill. kr (2021: 13,9 mill., 2020: 13,1 mill. og 2019: 12,5 mill.). Samla utgifter i 2022 er på 14,7 mill. kr (2021: 14,8 mill., 2020: 13,4 mill. og 2019: 11,5 mill.). Årsresultatet i 2022 er på 1,1 mill. kr (2021: - 0,8 mill., 2020: 0,4 mill. og 2019: 1,1 mill.).

Kontingenten frå deltakarkommunane på totalt 3,1 mill. kr (2021: 2,9 mill., 2020: 2,6 mill.) utgjer framleis om lag 20 % av inntektene. Øvrige inntekter er i all hovudsak prosjekt-, administrasjons- og driftsmidlar frå Friluftsrådenes Landsforbund (FL), Miljødirektoratet, Handelens Miljøfond/Rydd Norge, Møre og Romsdal fylkeskommune (MRFK), Sparebanken Møre, Wattn og sponsor- og salsinntekter frå lokalt næringsliv. Det er særleg arbeid mot marin forsøpling og drift av skjergardstenesta som fekk tilskot, men også aktivitetsprosjektet «Slå på ringen»,


«StikkUT!» og andre aktivitetstiltak og tilretteleggingstiltak fekk støtte. T.o. Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal fører også eige rekneskap og budsjett. Sjå også årsrapport 2022 for oversikt økonomi.

Lønnsutgiftene er største utgiftsposten. I 2022 er samla lønnsutgifter vel 7,4 mill. kr (2021: 7,1 mill. og 2020: 6,1 mill. kr) Dette er 0,2 mill. høgre enn i 2021. Friluftsrådet har større prosjektaktivitet og derigjennom fleire arbeidstimar. Dette er dekt inn i prosjektbudsjetta.


Varekostnader er redusert med 0,4 mill. i 2022 til 2,8 mill. kr (2021: 3,2 mill. og 2020: 3,6 mill.).

Andre driftskostnader er auka med 0,1 mill. i 2022 til 4,2 mill. kr (2021: 4,1 mill. og 2020: 3,4 mill.).

Tala i saka er runda av til næraste desimal.



Figur 1: Fordeling av inntekter i Sunnmøre friluftsråd i 2022.



Figur 2: Fordeling av inntekter i Sunnmøre friluftsråd i 2021.

Av all kontingent innbetalt av kommunane i 2022, skaffa friluftsrådet 80 % inntekter frå andre kjelder. Vi rettar ein stor takk til deltakarkommunane, Miljødirektoratet, Handelens Miljøfond og Rydd Norge, Møre og Romsdal

fylkeskommune (MRFK), Friluftsrådenes landsforbund (FL), Sparebanken Møre, Wattn, Gjensidigestiftelsen, og alle lokale sponsorar til StikkUT! som har finansiert arbeidet til friluftsrådet i 2022!

INNETEKTSFORDELING

Inntekter	2021	2022
Medlemskontingent	2 878 777	3 096 988
FL adm.tilskot	637 000	672 500
FK adm.tilskot	237 000	260 000
FK tilskot drift/tilretteleggingstiltak	1 207 000	530 000
FL tilskot drift	0	30 000
FK tilskot friluftslivsaktivitetar	551 000	420 000
FL tilskot friluftslivsaktivitetar	1 432 200	1 053 000
Gjensidigestiftelsen tilskot	0	200 000
Sparebanken Møre tilskot Slå på ringen/Leikepatruljen	1 025 000	700 000
Miljødir./Marfo tilskot marin forsøpling	2 220 000	2 280 000
Tilskot innvilga, ikkje utbet.	- 414 500	172 000
Miljødir. investeringstilskot «Rigmor» skjergardstenesta	237 000	237 000
Miljødir. driftstilskot skjergardstenesta	1 300 000	1 380 000
MRFK driftstilskot skjergardstenesta	463 500	518 000
Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal. driftstilskot skjergardstenesta	156 000	160 000
Sunnmøre friluftsråd driftstilskot skjergardstenesta	577 500	600 000
Andre tilskot skjergardstenesta	350 000	320 000
Salsinntekter nettbutikk Stikk UT!, marin forsøpling m.m.	1 090 686	2 858 238 *
Gevinst ved salg driftsmidler	0	0
Andre driftsinntekter	455	242 128
Sum inntekter	13 948 618	15 729 854

KOSTNADSFORDELING

Utgifter	2021	2022
Lønn	7 136 969	7 360 800
Varekostnader	3 174 006	2 762 534
Avskrivningar	362 320	369 900
Andre driftskostnader	4 123 327	4 209 409
Sum utgifter	14 796 622	14 702 643
Ordinært resultat inkl. finanskostnader, før skattekostnad	-848 004	1 027 211

*I figur 1 (for 2022) side 48 er inntekter på 1 528 287 for marin forsøpling flytta frå andre inntekter og lagt til marin forsøpling.

Forkortingar brukt i tabellen:

FL = Friluftsrådenes Landsforbund

MRFK = Møre og Romsdal fylkeskommune

Miljødir. = Miljødirektoratet

FNR = Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal

ÅST = Ålesund-Sunnmøre Turistforening

Vedlegg til årsrapporten

Statleg sikra friluftsområde i medlemskommunane

Dei fleste medlemskommunane til friluftsrådet har eitt eller fleire statleg sikra friluftsområde, og nye kjem til etter kvart som kommunane får kunnskap om denne ordninga. Friluftsrådet har fullt driftsansvar for ni av

dei, og delansvar for tiltak (t.d. toalett) i fleire av dei andre. Søknader om midlar til nye tilretteleggingstiltak i sikra friluftsområda blir sendt kvart år, i samråd med kommunane.

Oversikt over friluftsområde der friluftsrådet har ansvar					
Kommune	Namn	Areal/da	Eigar	Sikringsstatus	Tilrettelegging
Giske	Blimsanden	10	Privat	Regulert	1 Toalett, tilkomstveg, vegbom
Sula	Langevågs-holmane	114,3	Staten	Statleg sikra	Turstiar, 2 brygger, kai, bål plassar, toalett. Benkar. P-plass, garasje, toalett Grindbygg, toalett Reiskapshus m/toalett
	Eikrem	6,1	Kommunen	Statleg sikra	
	Vassetvatnet Bolvika		Kommunen	Statleg sikra	
Vestnes	Kråkvika	101,6	Staten	Statleg sikra	Tilkomstveg, turveg, turs tiar, servicebygg med toa lett, gapahuk og bål plassar, bade/fiskemolo, 2 stk. vegbommar Tilkomstveg, turveg m/bru, parkeringsplass
	Leirvågen	165	Kommunen	Statleg sikra	
Ålesund (Haram)	Gurinesbukta	5,4	Kommunen		Parkeringsplass, veg, bade/ fiskebrygge, rullestolrampe, toalett, badestrand, bålplasser, grindbygg. Slåttemark.
Ålesund (Skodje)	Mauren	315,5	Staten	Statleg sikra	Turveg, tursti, 2 p-plasser. Gjestebrygge. Muldo. servicebygg med toalette Tursti, P-plass, vegbom, toalett, gapahuk, bål plass
	Brauta Håhjem	80	Kommunen	Komm.eigedom – regulert	
Ålesund (Ørskog)	Skråvika og Osberget	10	Kommunen	Statleg sikra	P-plass, turveg, toalett, vegbom, badestrand, stupebrett, info.skilter
Ålesund (Ellingsøyfjord og Borgundfjord)	Svinøya	227,4	Staten	Statleg sikra	2 toalett, turstiar, natur- og kultursti, 2 gjestebrygger, grillplasser, kystleihytte, trapper. Kai, turstiar, toalett Gjestebrygge, skogrydding. Slåttemark, parkeringsplass, brygger, toalett, vegbom, bål plass, sandstrand, tuslesti mm.
	Vikholmen	90	Kommunen	Komm. sikra	
	Hundsvær	80	Kommunen	Komm. sikra	
	Stafsethneset	28,2	Kommunen	Statleg sikra	
Fjord (Stordal)	Øyna	49,5	Privat		2 bruer, 2 toalett
Stranda	Helsemvika		Kommunen	Statleg sikra	Grindbygg bål plass
SUM		1423,5 da			

I tillegg har Friluftsrådet heilt eller delvis ansvaret i desse områda:

- Sti mellom Alnes og Juv i Giske kommune
- Sti til Skjonghellaren i Giske kommune
- Sti mellom Sandvika og Nøringset i Sula kommune
- Den Trondhjemske Postveg gjennom kommunane Vestnes og Ålesund (Ørskog)
- Skiløyper rundt Mevatn og Svartløken i kommunane Ålesund og Vestnes
- Vassetvatnet friluftsområde i Sula kommune
- Parrvika friluftsområde i Ålesund kommune
- Tueneset friluftsområde (Hessa/Skarbøvik) i Ålesund kommune
- Spjelkavikelva friluftsområde i Ålesund kommune
- Murvika friluftsområde (Skodje) i Ålesund kommune
- Sti til Hamnsundhellaren (Haram) i Ålesund kommune
- Parkeringsplass ved Storsætra i Ålesund kommune



Ved Tjønne bru ved Svartløken i Ålesund/Vestnes.



Gurinesbukta ved Vatne i Ålesund kommune.



Den trondhjemske postveg mellom Ålesund og Vestnes.



Gapahuk, parkbenk og bålpanne ved Vassetvatnet i Sula kommune.

Oversikt egedelar i Sunnmøre friluftsråd (KO)

Gjenstandar	Kommune	Lokalisert	Gjenstandar	Kommune	Lokalisert	
Gjestebrygger og kaier	Giske	Godøya - Ytterland	Toalett/ reiskapsbu	Ålesund	Mauren	
		Dyrkorn 1 Stk			Svinøya	
		Fjord	Storholmen 2 stk	Vestnes	Kråkvika	
	Sula	Ålesund	Brennholmen	Gapahuk/ grindbygg	Ålesund	Stafsethneset (ny 2021)
			Dampskipskaia 1 stk			Gurinesbukta
			Mauren 1 stk	Sula	Lervågen	
			Svinøya 2 stk		Håhjem	
			Hundsvær 1 stk		Vassetvatnet	
			Sunnmøre Museum	Vestnes	Kråkvika	
			Vikholmen 1 stk		Stranda	Helsemvika (ny 2020)
Stafsethneset 1 stk			Bålplass	Vestnes	Kråkvika 1 stk	
Gurinesbukta 1 stk	Ålesund	Stafsethneset				
Bruer	Fjord	Store Ådalselva	Informasjons- -tavler	Sula	Svinøya	
		Elvabytet			Vikholmen	
		Øyna			Storholmen	
	Ålesund	Fosslibrua (Måslia)	Ulstein	Eltrane		
		Postvegen over		Sandvika		
Vestnes	Tverrelva	Kjerringnesvatnet (ny 2020)				
Toalett	Giske	Kråkvika 3, Leirvågen 1	Giske	Ålesund	Godøya (3stk)	
		Blimsanden			Stafsethneset	
	Sula	Taustua	Vestnes	Osberget		
		Eikrem		Kråkvika		
		Storholmen		Gurinesbukta		
	Fjord	Vassetvatnet	Stranda	Flofjellsvegen		
		Overøye		Ålesund	Fjordstien	
	Ålesund	Norddalsstranda	Skjellsand påført badestrand	Sykkylven	Haugneset (2021)	
		1 stk midlertidig			Ålesund	Bolvika (2020)
		Gurinesbukta	Ålesund	Stafsethneset		
Gjersetvatnet						
Murvika						
Håhjem						
2 stk. Svinøya						
Vikholmen						
Parrvika						
2 stk. Tueneset						
Lillevatnet						
Sandingane	Andre egedelar: Handreiskap og verktøy Beitepussar og slåmaskinar Tilhengarar og båthengar Tre arbeidsbåtar med motor Leasing fire arbeidsbilar Diverse aktivitetsutstyr Utstyrsbase med kajakkar og kajakkhengarar Lavvoar, truger, hengekøyer, bålpanner m.m. To færingar: Linge og Leia Diverse kontor- og pc-utstyr					
Stafsethneset						
2 stk. Voldsdalsberga						
Skråvika						
Brauta						
Vaksvikfjellet						

Gjeldande samarbeidsavtale for Sunnmøre friluftsråd (KO)

Deltakarkommunane har i 2020 vedteke å organisere Sunnmøre friluftsråd som Kommunalt Oppgåvefelleskap (KO) etter kapittel 19 i Kommunelova. Deltakarkommunane har i 2020 vidare vedteke denne samarbeidsavtala. Deler av teksten i samarbeidsavtala er oppdatert av representantskapet i 2021.

§ 1 – NAMN PÅ OPPGÅVEFELLESKAPET

Namnet på oppgåvefelleskapet er Sunnmøre friluftsråd, kommunalt oppgåvefelleskap, som kan forkortast til Sunnmøre friluftsråd (KO), i det følgjande kalla «friluftsrådet».

§ 2 - DELTAKARKOMMUNAR

Friluftsrådet består av kommunane Giske, Fjord, Hareid, Herøy, Sande, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Vestnes, Volda, Ørsta, Vanylven og Ålesund. Nye deltakarkommunar skal godkjennast av representantskapsmøtet.

§ 3 - FORMÅL

Folkehelse er fundamentet i alt Sunnmøre friluftsråd (KO) gjer. Vi skal, i samarbeid med deltakarkommunane, andre offentlege styresmakter, organisasjonar og frivillige, fremje allsidig og miljøvennleg friluftsliv i regionen. Vi skal stimulere til friluftsliv til beste for trivsel og helse for alle og skape større forståing for nytten av friluftsliv.

- a) Administrasjonen i friluftsrådet skal fungere som kompetansesenter for friluftsliv for deltakarkommunane og andre samarbeidspartar, vere ein pådrivar og ein høyringsinstans i viktige saker for friluftslivet.
- b) Friluftsrådet skal legge til rette for fysisk aktivitet for barn og unge.
- c) Friluftsrådet skal arbeide med sikring, tilrettelegging og drift av friluftsområde av ulike slag.
- d) Gjennom Skjergardstenesta Møre og Romsdal skal friluftsrådet gjere sjøbaserte friluftslivsområde attraktive og tilgjengelege.
- e) Friluftsrådet skal jobbe for ei reinare fjøre. Vi koordinerer, legg til rette for frivillig og profesjonelt arbeid mot marin forsøpling.

§ 4 - ORGANISASJON

Dei faste organa til friluftsrådet er representantskapet, styret og dagleg leiar. Styret kan velje å opprette arbeidsutval som omtalt i § 7 og eit fagleg samarbeidsforum som omtalt i § 9.

Friluftsrådet er tilslutta Friluftsrådernes Landsforbund.

§ 5 - REPRESENTANTSKAPSMØTE

Representantskapsmøtet er høgste styresmakt i friluftsrådet og skal haldast innan utgangen av mars kvart år.

Kvar deltakarkommune skal velje 2 representantar med vara til representantskapsmøtet for heile kommunevalperioden. Deltakarkommunar med meir enn 20.000 innbyggjarar møter også med 2 representantar, men stemmene vert vekta etter innbyggjartal (vektig: 40.000 innbyggjarar gir 4 stemmer og 60.000 innbyggjarar gir 6 stemmer).

I samsvar med Kommunelova skal begge kjønn vere representerte når det blir valt 2 eller fleire representantar. Styremedlemmane møter med tale- og forslagsrett i representantskapsmøtet.

Representantskapsmøtet er også ope for andre interesserte. Representantskapsmøtet avgjer i kvart enkelt høve om andre frammøtte skal ha talerett i ei eller fleire saker på møtet. Representantskapsmøtet er vedtaksført når det er lovleg innkalla og kunngjort i samsvar med samarbeidsavtalen. Representantskapsmøtet skal kallast inn etter vedtak i styret, og med minst 4 veker skriftleg varsel. Sakliste og saksdokument skal ligge ved innkallinga. Vedtak fatta av representantskapsmøtet er gyldige for alle deltakarkommunane. Alle vedtak på representantskapsmøtet skal avgjerast med vanleg fleirtal. Unntaket er sakene som etter vedtektene krev kvalifisert fleirtal. Ved stemmelikskap i saker som krev vanleg fleirtal, avgjer dobbeltstemma til leiaren, sekundært vara for leiar.

Godtgjersle for representantskapsmedlemmane er omtalt i «Reglement for reise- og kostgodtgjersle for styret og representantskapet i Sunnmøre friluftsråd».

Representantskapsmøtet skal:

1. Godkjenne innkalling, sakliste og utsendingar
2. Velje ordstyrar, sekretær og 2 representantar til å signere møteboka
3. Godkjenne eventuelle nye deltakarkommunar, jf. § 2
4. Handsame årsrapport til styret, som skal gjere greie for gjennomføringa av fjorårets arbeidsplan og oppfylle krava til rapportering frå deltakarkommunane
5. Godkjenne rekneskap med revisjonsmelding
6. Vedta handlingsplan og årets arbeidsplan
7. Vedta budsjett, og eventuelle prosjekttilskot eller andre bidrag frå deltakarkommunane.
8. Fastsette neste års tilskot (kontingent) for deltakarkommunane. Ein auke utover 2% frå året før krev 2/3 fleirtal på representantskapsmøtet, jf. § 10
9. Vedta eventuelle endringar i godtgjerslesatsar for styret
10. Handsame innkomne saker
11. Vedta eventuelle endringar i samarbeidsavtalen, jf. § 11

12. Velje:

- a) Styre med personlege vara i samsvar med teksten under
- b) Leiar og nestleiar i styret mellom medlemmane i det alt valde styret
- c) Revisor, veljast for eitt år
- d) Valnemnd på 3 medlemmar (veljast for tre år) og 1 varamedlem (veljast for eitt år)

Nærare om val til styret, jf. punkt 12 a:

Kvar deltakarkommune har 1 styremedlem med personleg vararepresentant pr. 20.000 innbyggjarar, men ikkje fleire enn 3 medlemmar frå kvar kommune.

Ein tilsettrepresentant tiltrer styret med tale- og forslagsrett.

Medlemmane i styret har ei funksjonstid på to år. Så langt råd skal halvparten av styremedlemmane med vara vere på val kvart år. Det er deltakarkommunane som vel sine styremedlemmar med personleg vara i forkant av representantskapsmøtet., personleg vararepresentant vert vald for same tidsperiode styremedlem. For kommunar (over 20.000 innbyggjarar) med fleire styremedlemmar skal begge kjønn vere representerte på fast plass, jamfør kommunelova. For kommunar med eitt styremedlem skal medlem og personleg vara vere av ulikt kjønn. Det skal samla sett vere minst 40 % av kvart kjønn i styret. Styret skal legge fram ei gyldig styresamansetning til representantskapsmøtet. Dersom val av styrerepresentantar frå kommunane samla sett ikkje oppfyller 40%-regelen, kan det bli aktuelt å bytte om på fast og varaplass av nye styrerepresentantar. Samansettinga vert i så fall avgjort ved loddtrekning eller etter frivillig avtale mellom kommunane. Eit styremedlem kan maksimalt sitte 8 år samanhengande i styret.

Alle val skal vere skriftlege dersom nokon ber om det. Når kandidatar skal veljast enkeltvis og ingen av kandidatane oppnår fleirtal, skal det gjennomførast omval mellom dei to kandidatane som fekk flest røyster. Er det etter omvalet like mange røyster på kvar kandidat, skal valet avgjerast ved loddtrekning.

§ 6 - EKSTRAORDINÆRT REPRESENTANTSKAPSMØTE

Ekstraordinært representantskapsmøte kan innkallast med minst 3 vekers skriftleg varsel etter vedtak i styret, eller når 2 eller fleire av deltakarkommunane krev dette skriftleg.

Saklista skal leggast ved innkallinga. Ekstraordinært representantskapsmøte kan berre handsame dei sakene som er nemnde i innkallinga, og er vedtaksført med dei framførte representantane. For vedtak gjeld same reglane som i det ordinære representantskapsmøtet.

§ 7 - STYRET

Styret har leiaransvaret for friluftsrådet mellom representantskapsmøta.

Styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemmane er til stades. Alle vedtak i styret vert gjort med vanleg fleirtal. Dersom det vert like mange røyster for og imot, avgjer leiaren med dobbeltstemme.

Leiaren avgjer når styret skal møtast. Styret kan også innkallast når eit fleirtal av styremedlemmane ønskjer det. Nestleiar tek over møteleiinga dersom leiar ikkje kan møte.

Arbeidsoppgåvene til styret er mellom anna:

1. Tilsette dagleg leiar og fastsette stillingsinstruks og løn for vedkomande, jf. § 8.
2. Fremje oppgåvene til friluftsrådet i samsvar med samarbeidsavtalen, handlings- og arbeidsplan og vedtak i representantskapsmøte.
3. Leie drifta i friluftsrådet og ha ansvar for økonomistyring i samsvar med vedtatt budsjett.
4. Å kunne gi fullmakter (økonomisk og juridisk).
5. Ha ansvar for at det vert ført rekneskap, og ført protokoll over alle møte og forhandlingar.
6. Sende referat frå representantskapsmøte og styremøter til alle deltakarkommunane, til fylkeskommunen og til Friluftsrådernes Landsforbund.
7. Førebu saker til representantskapsmøte jf. § 5 med framlegg til vedtak.

Styret kan velje eit arbeidsutval blant medlemmane, leiar og nestleiar inngår i arbeidsutvalet. Arbeidsutvalet kan førebu saker for styret og fatte vedtak etter delegering frå styret. Dette omfattar avgrensa oppgåver som t.d. lønnsutval, konkrete prosjekt og liknande. Arbeidsutvalet kan ikkje gjere bindande vedtak i andre saker enn dei styret på førehand gir fullmakt til.

Godtgjersle for styret følgjer «Reglement for reise- og kostgodtgjersle for styret og representantskapet i Sunnmøre friluftsråd». Godtgjerslesatsar er omtalt i § 5 pkt. 9.

§ 8 - DAGLEG LEIAR/ADMINISTRASJON

Dagleg leiar har resultatansvar mot styret, det overordna administrative ansvaret for den daglege drifta av friluftsrådet og personalansvaret for dei tilsette. Dagleg leiar skal gjennomføre arbeidsoppgåver, retningslinjer og pålegg gitt i styrevedtak. Oppgåver og ansvar skal gjennomførast på ein måte som er i samsvar med friluftsrådets formål gitt i § 3.

§ 9 - FAGLEG SAMARBEIDSFORUM

Styret kan be deltakarkommunane ved rådmann/kommunedirektør å oppnemne personar frå kommuneadministrasjonen til eit administrativt fagleg samarbeidsforum/eit fagråd for friluftsrådet. Medlemmane bør representere den eller dei etatar/einingar som arbeider med friluftsliv i kvar kommune. Også andre friluftsansisasjonar m.v. kan få tilbod om å møte. Dagleg leiar innkallar til møta i samarbeidsfor-

umet og leier møta. Forumet tek opp saker av praktisk og administrativ karakter, og er eit forum for samordning og erfaringsutveksling. Deltakarane kan hjelpe dagleg leiar med førebuing av saker for styret.

§ 10 - ØKONOMI

Friluftsrådet er eit eige rettssubjekt som fører eigen rekneskap.

Deltakarkommunane skal betale eit årleg tilskot (kontingent) til verksemda. Representantskapsmøtet avgjer eit årleg tilskot som ein sum pr. innbyggjar i kvar deltakarkommune, basert på folketalet frå Statistisk Sentralbyrå føregåande år. Framlegg som inneber meir enn 2% reell auke i kontingenten frå deltakarkommunane krev 2/3 fleirtal på representantskapsmøtet. Friluftsrådet kan ikkje ta opp lån eller pantsette eigedom utan at dette er godkjent av deltakarkommunane på førehand.

§ 11 – ENDRINGAR I SAMARBEIDSAVTALEN

Endringar i samarbeidsavtalen kan berre gjerast på representantskapsmøte, eller ekstraordinært representantskapsmøte, og krev 2/3 fleirtal.

§ 12 - UTMELDING

Ein deltakarkommune kan melde seg ut av friluftsrådet etter skriftleg varsel og lovleg fatta vedtak i kommunen.

Utmeldinga blir først gyldig når kommunen har betalt deltakarkontingenten også for det året utmeldinga tek til å gjelde. Deltakarkommunar som går ut av samarbeidet tek over oppgåvene friluftsrådet har utført for kommunen. Eventuelle friluftsområde friluftsrådet eig i vedkommande kommune skal overførast til kommunen. Utover dette har ikkje kommunar som går ut av samarbeidet krav på eigedommar eller verdjar.

§ 13 - OPPLØYSING

Oppløysing av friluftsrådet kan berre vedtakast på eit ordinært representantskapsmøte og med minst 2/3 fleirtal. Framlegg om oppløysing må vere oppført på saklista som medlemmane må ha fått tilsendt minst 14 dagar før møtet. Blir oppløysing vedtatt med minst 2/3 fleirtal, skal det haldast ekstraordinært representantskapsmøte 3 månader seinare, med oppløysing på saklista. Dersom friluftsrådet blir oppløyst skal alle omsettelege aktiva seljast. Saman med andre kontante midlar skal verdiane delast mellom deltakarkommunane, i samsvar med kontingenten frå kvar enkelt. Kvar kommune tek over oppgåvene friluftsrådet tidlegare har utført.

§ 14 - TOLKING AV SAMARBEIDSAVTALEN - VOLDGIFT

Dersom det oppstår tvist mellom samarbeidskommunar om tolking av avtalen, og det ikkje er råd å bli samde, skal tvisten avgjerast ved voldgift etter Tvistemålslova.

§ 15 - GYLDIG FRÅ

Samarbeidsavtalen vart gyldig frå det tidspunkt i 2020 at kommunestyra i deltakarkommunane fatta vedtak om at dei sluttar seg til avtalen. Nye kommunar som vedtek å melde seg inn i friluftsrådet etter 2020, aksepterer samtidig gjeldande samarbeidsavtale.



Gapahukens dag vart markert med grilling av pølser i Grindstova på Stafsethneset.

Layout: Hilde Ellingsæter/Sunnmøre friluftsråd. Opplag: 130.



Stettevegen 73
6260 Skodje

post@friluftsradet.no

